

Styremøte i Sogn KO 7. april 2026**Vedleggsliste**

Saksnr	Sakstittel og vedlegg	Sidetal
5	Orientering frå administrasjonen Informasjon frå Statsforvaltar og RVTS om veteranarbeid i kommunane Notat og utkast til fråsegn om kommunekommisjonen	2 4
8	PPT Rapport frå innsiktsarbeidet haust/vinter 2025/26	10
9	Miljø og ureining 1. Utgreiing 2. Rapport frå Simas om forsøplingstilsyn 3. Samarbeidsavtale 4. Budsjettkalkyle	33 44 68 72

Kommunalt veteranarbeid i Vestland

1.0 Bakgrunn

I «Regjeringens tiltaksplan for anerkjennelse, ivaretagelse og oppfølging av veteraner (2024-2028)» blir det gjeve viktige føringar for korleis følge opp veteranar og deira familiar på kommunalt nivå. Målet er at både veteranen og familien så langt som mogleg skal oppleve det trygt og føreseieleg når ein nær deltek i eit lengre og tidvis potensielt farleg oppdrag.

Statsforvaltaren i Vestland og RVTS Vest har som mål å bidra til at veteranane og deira familiar blir ivaretekne etter intensjonen i tiltaksplanen. To stikkord i denne samanheng er etablering av rolla 'veterankontakt' og utarbeiding av ein veteranplan i kommunen.

Forsvaret skriv om 'veterankontakten' at «Etablering av kommunal veterankontakt kan være et effektivt tiltak for å sikre at kommunen har en intern ressursperson som til enhver tid er oppdatert på veteranfeltet. Veterankontakten fungerer også som et kontaktpunkt for eksterne aktører inn mot kommunen for veteranrelaterte henvendelser». Ordninga er ikkje pålagt, men anbefalt.

Vidare blir det i tiltak 23 i tiltaksplanen synt til Kommunale veteranplanar: «Forsvaret har i flere år bistått kommunene med utviklingen av kommunale veteranplaner. Kommunenes veteranplaner bidrar blant annet til å øke kompetansen i hjelpeapparatet». Forsvaret skriv om desse planane at «en kommunal veteranplan bidrar til å synliggjøre kommunens ansvar for veteranene og vil være en viktig anerkjennelse i seg selv». Eit utval kommunar i Vestland har utarbeidd veteranplan.

1.1 Statsforvaltaren i Vestland og RVTS Vest som ressurs

Både Statsforvaltaren og Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS Vest) har som mål å stimulere og støtte kommunane i veteranarbeidet.

Statsforvaltaren bidrar til auka fokus på veteranarbeidet i sine samarbeidsmøte med kommunane. Statsforvaltaren deltek også i fagnettverka i Vestland. RVTS Vest har og tett kontakt med kommunar i arbeidet for å utvikle og kvalitetssikre lokal veteranplan, bidra til kunnskapsauke, rådgjeving i einskildsaker med meir.

2.0 Spørsmål til kommunane i Vestland

I lys av signala frå Regjeringa sin tiltaksplan ber vi om status på veteranarbeidet i kommunane i Vestland innan dei her nemnde tema. Ein ber difor kommunane kort å svare ut tre spørsmål.

SPØRSMÅL 1: Veteranplan.

I Forsvaret sitt oversyn er det åtte kommunar i Vestland som har Veteranplan:

[Askøy kommunes veteranplan](#), [Bergen kommunes veteranplan](#), [Bjørnafjorden kommunes veteranplan](#), [Bømlo kommunes veteranplan](#), [Kvinnherad kommunes veteranplan](#), [Stryn kommunes veteranplan](#), [Voss kommunes veteranplan](#), [Øygarden kommunes veteranplan](#)

- 1. Er det kommunar i Vestland som har utarbeidd veteranplan som ikkje er nemnde i denne oversikta?**



SPØRSMÅL 2: Veterankontakt.**2a. Har dykkar kommune veterankontakt?****2b. Dersom ja – kan de sende oppdatert namn/mail?**

Dersom kontakten er namngjeven i veteranplanen, kan de sjå bort frå dette spørsmålet.

SPØRSMÅL 3: Nettverk.

Forsvaret skriv på si heimeside at «det anbefales at veterankontakten holder seg jevnlig oppdatert på veteranområdet, da dette er i stadig endring med mange aktører involvert. Man kan oppleve å ha få personer i egen kommune som besitter samme kompetanse eller erfaring på veteranområdet. Vi oppfordrer derfor kommunale veterankontakter til å opprette nettverk, slik at man kan møtes for å utveksle erfaringer og bygge nettverk med andre kommunale veterankontakter i sin region».

For å bidra til at dette arbeidet blir enklare for kommunane, ønsker vi å opprette eit digitalt nettverk for kunnskapsheving, informasjon og erfaringsutveksling mellom kommunane. I tillegg til veteranar, inngår også innsatspersonell som målgruppe for nettverksarbeidet.

Nettverk for veteranar og innsatspersonell i Vestland er planlagt gjennomført fyrste gong 14. april 2026.

3. Ønsker din kommune å delta i eit interkommunalt nettverk med fokus på veteranar og innsatspersonell?

Kommunen kan vere med i nettverket sjølv om den ikkje har peika ut ei veterankontakt.

Namn/mailadresse til den som skal delta i nettverket sendast til RVTS Vest.

Svarfrist på spørsmåla: 15. februar 2026. Kommunen vil ikkje motta purring på dette skrivet.

3.0 Oppsummering

Vi ber kommunane svare ut tre spørsmål innan 15. februar 2026. Svar sendast til RVTS Vest v/Nils-Petter Hauge: nils.petter.hauge@helse-bergen.no.

Alle kommunane i Vestland er med dette inviterte til eit digitalt nettverksmøte med tema veteranar/innsatspersonell planlagt den 14. april 2026.



Liv Signe Navarsete

Statsforvaltaren i Vestland



Espen Rutle Johansson

Seksjonsleder RVTS Vest



Notat – Kommunekommisjonen (2025–2026)

Til: Kommunane i Sognaregionen

Frå: Sognateamet v/Sognasmed Yngve Hallén

Dato: 11. mars 2026

1. Innleiing

I møte den 9. mars handsama Arbeidsutvalet (ordførarane) i Sognarådet IPR

Kommunekommisjonen si første delutgreiing og drøfta behovet for ei samla regional tilnærming til høyringa. Arbeidsutvalet bad Sognateamet, regionen si administrative eining, om å utarbeide eit notat som grunnlag for at kommunane i Sognaregionen kan gi egne uttalar.

Det vart understreka at fråsegnene bør byggje på KS si høyringsfråsegn og støtte opp under dei punkta som særleg er viktige for kommunane i regionen:

- at små kommunar sine rekrutteringsutfordringar blir forsterka av statlege normer som ikkje tek omsyn til lokale forhold
- at rekrutteringspress i ein sektor krev fleksibilitet i organisering og bruk av kompetanse
- at omfattande tilsyn og rapportering frå mange statlege aktørar tek uforholdsmessig mykje tid i små administrasjonar
- at funksjonelle interkommunale samarbeidsløysingar – som vertskommunemodellen – treng eit regelverk som støttar, ikkje hindrar, lokalt tilpassa modellar
- at plan- og arealprosessar ofte blir forseinka av motsegner og statlege innspel som hemmar naudsynt utvikling i lokalsamfunna.

Sognateamet har på denne bakgrunn utarbeidd eit eiga notat som gjev oversikt over bakgrunnen for kommisjonen sitt arbeid, vurderingar og tilrådingar sett opp mot KS sine innspel, samt forslag til korleis kommunane kan utforme si eiga fråsegn.

Fråsegna er utforma som eit arbeidsverktøy der kommunane kan plukke ut dei delane som er mest relevante, forsterke punkta som er særleg viktige for eigen kommune. For å belyse fleire temaområde er dokumentet noko omfattande, men når kvar kommune skal utforme si endelege fråsegn, kan og bør teksten kortast ned for å tydeleggjere dei viktigaste budskapa.

Sognateamet vil understreke betydninga av at kommunane nyttar høvet til å gje fråsegn i denne prosessen. Kommunekommisjonen sitt arbeid vil få stor innverknad på styringssystemet for kommunesektoren i åra som kjem, og det er viktig at erfaringane og behova frå kommunane i Sogn blir løfta tydeleg fram. Vi ønskjer kommunane lukke til med handsaminga.

2. Bakgrunn og prosess for kommisjonen

Arbeidet med Kommunekommisjonen kjem ut frå ein lang politisk debatt i kommunesektoren. KS sitt Debattheft 2025, som kom i januar/februar 2025, samla eit breitt og godt underlag for kva kommunane såg som dei største utfordringane, og kva tiltak dei meinte var nødvendige for å redusere styringstrykket og styrke det lokale handlingsrommet. I innspela vart det understreka

at summen av statlege styring svekka evna til å levere gode og berekraftige tenester lokalt. Fleire peika på at styringstrykket hadde nådd eit punkt der det ikkje lenger var berekraftig. Regjeringa sjølv formulerte dette slik: «Summen av krav og oppgaver er ikke bærekraftig over tid (...) Dersom vi ikke tar grep, vil det offentlige tjenestetilbudet gradvis bli dårligere.»

KS hadde gjennom fleire år etterspurt ei større reform av statleg styring og viste til manglande samordning, for mange detaljkrav og lov- og forskriftsendringar som ikkje tok omsyn til kommunal kapasitet. Dei gjorde det klart at det trongst ei «ryddesjau i jungelen av regler og lover»

Regjeringa sette ned Kommunekommisjonen ved kongeleg resolusjon 9. mai 2025. Målet er å foreslå endringar i statens styring av kommunesektoren som gir større handlingsrom, betre ressursbruk og meir fleksibel bruk av personell. Kommisjonen skal identifisere statlege krav som bind kompetanse unødvendig eller gjer kommunal oppgåveløysing dyrare og mindre effektiv.

Kommisjonen består av tolv medlemmer med brei fagleg og sektorovergripande erfaring. Første delutgreiing (NOU 2026:1) vart levert 9. januar 2026 og er sendt på høyring med frist 16. april 2026. Andre delutgreiing kjem seinare i 2026.

3. Hovudkonklusjonar i første delutgreiing (NOU 2026:1)

NOU 2026:1 peikar særleg på fleire utfordringar og tiltak

Utfordringar

- Demografiske endringar med fleire eldre og færre barn og unge krev omstilling i kommunal tenesteproduksjon.
- For mykje detaljert statleg styring reduserer kommunalt handlingsrom.

Tiltak kommisjonen foreslår

- Avvikle lærarnormen, alternativt flytte han til kommunenivå.
- Fjerne kompetansekrav i helse- og omsorgslova for å gjere regelverket meir profesjonsnøytralt.
- Innlemme 22 øyremerkte tilskot i rammetilskotet for å redusere styringstrykk og byråkrati.
- Færre detaljkrav og meir rammestyrt som hovudprinsipp.

4. Kva KS legg vekt på i si fråsegn

KS støttar intensjonen om større lokalt handlingsrom og lågare statleg styring. KS understrekar følgjande moment:

- Behov for større vekt på prinsippet om juridisk rammestyrt (overordna rammer og krav til kva kommunane skal oppnå, men utan detaljerte føringar for korleis dei skal løyse oppgåvene).
- At bemanningsnormer og kompetansekrav må vurderast på nytt og eventuelt flyttast til kommunenivå.

- At nasjonale myndigheiter må sjå på korleis lover og forskrifter påverkar personellbehov og kostnader.
- At regjeringa bør kome med ein handlingsplan i kommuneproposisjonen for å redusere styringstrykket.

5. Kva med mindre distriktskommunar

Reaksjonane i sektoren viser både støtte og uro:

- KS understrekar at sjølv om kommuneøkonomien har blitt betre, er situasjonen framleis krevjande for dei små distriktskommunane. I si vurdering peikar dei på at «kommunenes økonomi blir stadig bedre, men mange små distriktskommuner sliter fortsatt», og at «blant kommuner med under 10.000 innbyggere ligger det an til underskudd i snaut halvparten». Dette gjeld særleg små og distriktsnære kommunar som rapporterer at dei i stor grad berre maktar å levere lovpålagde tenester.
- Fagorganisasjonane er ikkje samde om tiltaka til kommisjonen. Utdanningsforbundet åtvarar mot å fjerne lærarnorma og meiner det kan gi større skilnader mellom skular/kommunar og svekkje oppfølginga av elevane. Fagforbundet er meir positivt innstilt til endring, og vil heller flytte norma til kommunenivå for å gi meir lokalt handlingsrom og betre heilskapleg ressursbruk i skulen. I helsesektoren er Norsk Sykepleierforbund (NSF) sterkt kritisk til å fjerne kompetansekrava i helse- og omsorgstenestene, fordi dei meiner det kan svekkje pasienttryggleik og auke ulikskap mellom kommunar.

6. Prosess vidare

- NOU 2026:1 er ute på høyring med frist 16. april 2026. Alle kan sende inn høyringssvar.
- Regjeringa vil bruke høyringssvara som grunnlag for vidare arbeid og foreslå endringar overfor Stortinget, truleg gjennom kommuneproposisjonen og eventuelle lovendringar.
- Kommisjonen leverer andre delrapport i løpet av 2026, som skal ta for seg meir strukturelle og institusjonelle tiltak.
- Saka vil vidare bli behandla av Kommunal- og forvaltningskomiteen i Stortinget før eventuelle endringar blir vedtekne.

Utkast: Fråsegn – høyring**NOU 2026: 1 *En berekraftig kommunesektor (kommisjonen si første delutgreiing)***

Vi støttar KS si hovudretning i høyringa av NOU 2026:1: Staten må i større grad styre kommunesektoren gjennom overordna juridiske rammer og færre detaljerte krav, slik at kommunane får reelt handlingsrom til å løyse oppgåver effektivt, fleksibelt og med god kvalitet – tilpassa lokale behov og føresetnader.

Utgreiinga peikar på sentrale utfordringar ved dagens styringsregime, mellom anna at statleg styring i sum er blitt for detaljert og lite samordna, og at kommunane treng betre vilkår for omstilling i møte med demografi, arbeidskraftmangel og pressa økonomi. Høyringsprosessen er viktig nettopp fordi den kan gi grunnlag for konkrete forenklingar og ei tydelegare rammestyring i praksis.

Vi meiner at styringssystemet må byggjast slik at lokale folkevalde faktisk kan prioritere, omstille og ta ansvar for heilskapen. Sjølv om nasjonale mål og rettar skal liggje fast, bør staten i større grad definere *kva* kommunane skal oppnå, medan kommunane får fridom til å vurdere *korleis* det best kan gjerast lokalt. KS har tidlegare understreka behovet for at prinsippet om juridisk rammestyring må få større reell vekt, og at det må gjerast grep som reduserer statleg detaljstyring og bidreg til betre samordning når nye krav blir utforma.

Vi vil særleg peike på at små distriktskommunar blir ramma hardt når statlege normer og detaljkrav ikkje tek omsyn til lokale tilhøve. Når kapasitet og rekrutteringsgrunnlag varierer sterkt mellom kommunar, kan rigide normer i praksis låse ressursbruk og hindre heilskapleg prioritering. Dette gjer situasjonen endå vanskelegare i tenester som allereie er sårbare og manglar folk.

KS har påpeika at den økonomisk situasjon er krevjande for mange små distriktskommunar, og at kommunar med under 10 000 innbyggjarar ofte har ein utfordrande økonomi – trass i at kommuneøkonomien samla sett har blitt betre. Dette gjer at kommunar i vår storleik treng styringsgrep som gir reelt handlingsrom, ikkje meir detaljstyring.

Rekrutteringsutfordringar i ein sektor krev at kommunen kan organisere tenestene meir fleksibelt og nytte kompetansen betre, utan at formelle krav bind opp løysingar som likevel er fagleg forsvarlege. Dette blir særleg tydeleg i oppvekst- og helsesektoren, der dagens normer og kompetansekrav i praksis kan gjere det vanskeleg å nytte den samla kompetansen på ein effektiv måte.

Lærarnorma i skulen og dei lovfesta profesjonskrava i helse- og omsorgstenestene er eksempel på reguleringar som, sjølv om dei er velmeinande og skal sikre kvalitet, kan stå i vegen for berekraftige bemanningsløyisingar når tilgangen på arbeidskraft er for liten.

Kommunekommisjonen peikar nettopp på dette når dei tilrår å avvikle lærarnorma eller flytte ho til kommunenivå, og å mjuke opp kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova for å gi kommunane større fleksibilitet.

Når kommunane manglar nøkkelkompetanse, må vi kunne bruke den kompetansen som finst lokalt, og samstundes byggje robuste fagmiljø gjennom oppgåvedeling, tverrfaglege team og smartare organisering av tenestene. Det er ein føresetnad for å sikre forsvarleg tenestekvalitet over tid når tilgangen på kvalifisert arbeidskraft er knapp. Fleksibilitet i organisering handlar ikkje om å senke kvaliteten, men om å sikre at kommunen faktisk er i stand til å levere tenester – og levere dei godt – innanfor dei rammene som arbeidsmarknaden gjev.

Tilsyn og rapportering frå mange statlege aktørar krev uforholdsmessig mykje tid og ressursar i små administrasjonar. Når rapportering, kontroll og oppfølging kjem frå fleire hald – ofte med ulike krav til dokumentasjon, fristar og system – går det utover kapasiteten til leiing, utvikling og drift. KS har peika på behovet for endringar som gir mindre styringstrykk og meir effektiv bruk av ressursar, og at praksis i sentralforvaltninga må bidra til at rammestyringsprinsippet får større vekt i utforminga av krav. Tilsyn må i større grad rettast mot dei områda der risikoen for feil eller svikt er størst, slik at kommunane slepp unødig kontroll og kan bruke meir tid på tenestene.

Kommunane i Sognaregionen har lange tradisjonar for interkommunalt samarbeid og har dei siste åra ytterlegare styrkt dette gjennom ei rekkje felles tenester og utviklingsområde – mellom anna gjennom bruk av vertskommunemodellen. Slike samarbeidsløysingar er heilt sentrale for å byggje robuste fagmiljø, sikre berekraftig drift og levere forsvarlege tenester i ei tid med aukande krav og stram tilgang på kompetanse. For at denne utviklinga skal halde fram, er det avgjerande at regelverk og statleg praksis støttar opp om lokalt tilpassa modellar og ikkje innfører avgrensingar som skapar unødig friksjon eller hindrar fleksibel organisering. Erfaringane frå Sognaregionen viser tydeleg at interkommunalt samarbeid er eit verkemiddel som fungerer når det får gode rammevilkår. Vi støttar difor KS si linje om at staten må leggje til rette for at kommunesektoren kan organisere seg på måtar som faktisk er funksjonelle og føremålstenlege – innanfor tydelege, men romslege, overordna rammer.

For å møte rekrutteringsutfordringar og aukande krav til kvalitet og kapasitet, må kommunane stimulerast til å etablere og vidareutvikle interkommunale samarbeid som gjer tenestene meir robuste og mindre sårbare. Samstundes treng kommunesektoren rom og insentiv til systematisk tenesteinnovasjon – med nye arbeidsmåtar, betre bruk av teknologi og meir effektiv oppgåvedeling. Staten bør leggje til rette for dette gjennom regelverk, finansieringsordningar og støtteapparat som premierer samarbeid og fornying framfor detaljstyring.

Enkelte kommunar har dei siste åra arbeidd målretta med å utvikle meir sjølvleiande og medarbeidar drivne organisasjonsmodellar, der mellom anna medleiing, designbasert problemløysing og meir fleksible styringssystem har vore sentrale verkemiddel. Erfaringane viser at slike tilnærmingar kan bidra til lågare sjukefråvær, raskare beslutningsprosessar og betre løysingar utvikla i samarbeid mellom tenester og innbyggjarar. Dette kan vere til inspirasjon for kommunar som ønskjer å styrkje innovasjonsevna, frigjere kapasitet og byggje meir robuste tenester for framtida.

Areal- og planprosessar ofte blir forseinka av motsegner og statlege innspel, krav og føringar frå fleire organ. Dette kan hemme viktig utvikling, både for bustader, næringsareal, infrastruktur og grøne omstillingstiltak. For kommunar som skal skape vekst, sikre bustader og leggja til rette for

arbeidsplassar, er føreseielege og effektive planprosessar ein føresetnad. Vi meiner difor at oppfølginga av kommunekommisjonen må ta på alvor behovet for meir samordna statlege innspel, betre prosessar for avklaring tidleg, og redusert risiko for at lokale planprosessar stoppar opp i langvarige motsegnsløp. Behovet for å finne ei betre balanse mellom statleg styring og lokalt handlingsrom er også eit sentralt utgangspunkt for at kommunen vart etablert.

Vi vil understreka at dagens styringstrykk og omfanget av statleg kontroll i praksis kan føre til at særleg mindre kommunar, med små administrasjonar og avgrensa kapasitet, ikkje maktar å utnytte det handlingsrommet dei formelt sett har. Når store delar av kapasiteten går med til rapportering, tilsyn og å navigere komplekse regelverk, blir det lite rom igjen for utviklingsarbeid og for å ta lokale initiativ. Dette undergraver nettopp den fleksibiliteten og det lokaldemokratiske ansvaret som staten seier at kommunane skal ha.

Avslutningsvis vil vi understreke at målet ikkje er å svekkje kvalitet, tryggleik eller innbyggjarane sine rettar, men å sikre eit styringssystem som gjer det mogleg å levere gode tenester over tid – også med knappare arbeidskraft og strammare økonomi. Vi støttar difor KS si oppmoding om at kommisjonsarbeidet må følgjast opp med konkrete og tidsnære grep som reduserer detaljstyring, styrkjer rammestyring og gir kommunane betre føresetnader for prioritering og omstilling. Kommisjonen sitt arbeid er eit viktig første steg, men det avgjerande blir at staten raskt gjennomfører endringar som reduserer styringstrykket og gjer samarbeidet mellom stat og kommune meir forutsigbar, samordna og berekraftig i praksis.

Styrka samarbeid om PP-tenester i Sogn – innsikt og anbefalingar

KORT VERSJON

Sogndal kommune 2026



Innholdsliste

<u>Side 3</u>	}	11	• Bakgrunn
<u>Side 7</u>			• Innsikt frå tilsette
<u>Side 8</u>	}	}	• Innsikt frå samarbeidande tenester
<u>Side 9</u>			• Fellestrekk frå innsiktsøktene
<u>Side 10</u>	}	}	• Innsikt frå leiarane
<u>Side 15</u>			• Løysingar for å styrke PPT
<u>Side 18</u>	}	}	• Anbefalingar
<u>Side 22</u>			• Tilbakemelding frå tilsette

Om prosjektet

PPT er løyst gjennom interkommunale samarbeid, per tid fordelt på to ulike samarbeid i Sogn; Sogn PPT (Sogndal, Luster, Vik og Aurland) og PPT Indre Sogn (Årdal og Lærdal).

Styret i Sogn KO ser på PPT som eit område som er modent for utvida samarbeid, der målet er å styrka PPT-tenestene i regionen. Arbeidet med å vurdere styrka samarbeid byrja i oktober 2025 og har blitt organisert på følgjande måte:

- Prosjekteigar: Styret i Sogn KO
- Prosjektansvarleg: Torgeir Skålid
- Styringsgruppe: Oppvekstsjefar i kommunane
- Prosjektleder: Torkjel Solbraa


Kvifor styrka samarbeid om PPT?

«Ingen norske kommunar leverer på lovkrava i dag – og no kjem dei vanskelege utfordringane framover» (Menon 46/2022)

«Små kommunar tapar konkurransen om fagfolk, fordi kommunane ikkje klarar å bygge sterke og attraktive nok fagmiljø. Meir, fleire og større samarbeid er den anbefalte oppskrifta» (Menon 34/2023)

Styret i Sogn KO ser på PPT som ei teneste som er modent for utvida samarbeid fordi ei større teneste vil vere betre rusta til å møte dei krava som kjem framover, og kan skape eit fagmiljø som er meir attraktivt for framtidig rekruttering.

Om prosessen



Medverknad av tilsette

Alle tilsette på PP-kontora har fått moglegheita til å medverke fleire gonger i løpet av prosessen. I tillegg har tillitsvalde, kommunalsjefar og ulike leiarar frå oppvekstsektoren delteke. Dei tilsette i PPT og samarbeidande tenester har delteke på to verkstader kvar for å få deira innspel i prosessen. I tillegg er det gjennomført samtale med leiarane for begge PP-kontora. Alle som har delteke på verkstadene har også fått tilsendt oppsummeringa frå verkstadene dei deltok på og har fått høve til å gi tilbakemelding på denne rapporten før den blir vidareformidla til styret i Sogn KO.

Oppsummering av innsiktsøkta med tilsette i PPT

Innsiktsøkta med tilsette syner at PP-tenestene har sterke sider som godt arbeidsmiljø, høg fagleg kompetanse, delingskultur og gode samarbeidsrelasjonar. Tilsette opplever fleksibilitet, autonomi og praktiske rammer som fungerer. Dette må ivaretakast også i framtida.

Samstundes peikar tilsette på utfordringar som:

- Uklare forventningar og rolleforståing hjå kommunane.
- Ulike system og strukturar mellom kommunar som skapar ineffektivitet.
- Ressursutfordringar: stor saksmengd, lite tid, mangel på spesialkompetanse (logoped, psykolog).
- Behov for meir fagleg utvikling og oppdatert kunnskap.
- Balanse mellom fysiske og digitale møtepunkt
- Tidleg innsats og kvalitetssikring i sakshandsaming.

Oppsummering av innsiktsøkta med andre tenester

Innsiktsøkta med andre tenester syner at samarbeidet er prega av engasjement, nærleik og vilje til å løyse utfordringar . Det som fungerer best i dag er den tette relasjonen mellom folk og den uformelle drøftingskulturen.

Samstundes peikar tenestene på at samarbeidet mellom dei kan bli betre ved å:

- Bygge felles strukturar på tvers av kommunane
- Styrke systemarbeidet med rettleiing og felles læring
- Snu fokuset mot meir tidleg innsats
- Få PPT endå meir ute i miljøa
- Dele spesialkompetanse regionalt
- Ta vare på samarbeidskulturen

Fellestrekk frå dei to innsiktsøktene om PPT

- **Behov for tydelegare struktur og rolleavklaring**
 - Uklare forventningar og rolleforståing er ei utfordring.
 - Det er ønskje for tydelege rammer, felles malar og årshjul for samarbeid.
- **Tidleg innsats og systemarbeid**
 - Begge øktene syner at PPT ofte kjem inn for seint og at det må satsast meir på systemretta arbeid og tidleg innsats.
- **Kompetansedeling og fagleg utvikling**
 - Det er behov for å dele kompetanse og utvikle fagmiljø regionalt.
 - Begge ser logoped/spesialpedagogkompetanse som kritisk og etterspurt.
- **Praktiske utfordringar og ressursmangel**
 - Ressursutfordringar (stor saksmengd, lite tid og rekruttering) går igjen i begge.
 - Geografiske avstandar og reisetid blir nemnt som praktiske barrierar.
- **Behov for å bevare kultur og relasjonar**
 - Begge øktene framhevar at tillit, nærleik og uformell drøftingskultur er styrkar som må ivaretakast i endringar.

Innsikt frå PP-leiarane

I etterkant av innsiktsøktene vart det gjennomført til saman 2,5 timers samtale med kvar av PP-leiarane. Målet med samtalene var å forstå tenestene betre, diskutere det som kom fram i innsiktsøktene, diskutere samarbeidspotensialet sett frå eit leiarperspektiv og grave litt djupare endringsbehov. Samtalene både poengterte og nyanserte det som kom fram i innsiktsøktene og ga eit betre grunnlag for å ta prosessen frå innsiktsfase til løysingsfase.

Fellestrekk mellom PP-kontora

Like mandat og oppgåver

- Begge tenestene jobbar etter ny opplæringslov med sterkare vekt på tidleg innsats og systemnivå.
- Begge tenestene har faste kontaktpersonar for dei einstilte skulane og barnehagane og deltek i tverrfagleg strukturar i kvar kommune.

Fleksible og autonome arbeidsmiljø

- Kontora har gode arbeidsmiljø med høg tillit til den enkelte tilsette
- Dei er fleksible og evner å samarbeide med andre tenester (skule, barnehage, helse).

For lite ressursar

- PP-tenestene opplever ikkje at ressursane står i stil med forventningar og lovpålagde krav.
- Gamle samarbeidsavtalar og fordelingsmodellar reflekterer ikkje dagens behov.
- Det er press på å levere både på sakkunnige vurderingar og på systemarbeid, men det er manglande kapasitet.
- Det er krevjande for leiarane å følgje opp leiaroppgåver parallelt med å vere fagtilsett.

Fellestrekk mellom PP-kontora

Høgt kompetansebehov

- Tilsette på kontora er høgt utdanna innan spesialpedagogikk, logopedi, lærarar eller førskulelærarar m. master.
- Tilsette på kontora kan i tillegg ha spisskompetanse/erfaring på ulike felt, som til dømes autisme, selektiv mutisme, downs, ad/hd etc.
- Tilsette får kompetanseheving blant anna gjennom felles samarbeidsprosjekt med HVL og regionen.
- Begge kontora opplever utfordringar med å rekruttere spesialkompetanse som psykolog og audiopedagog.

Variasjon i samhandlinga med kommunane

- Begge PP-kontora opplever ulik samhandlingsstruktur i dei ulike kommunane, skulane og barnehagane.
- Satsinga på dei tverrfaglege samhandlingsmodellane er også ulik i kommunane.
- Begge kontora opplever at det er utfordrande å snu arbeidet deira mot meir tidleg innsats og systemarbeid, i tråd med ny opplæringslov.

Ulikskap mellom PP-kontora

	Sogn PPT	PPT Indre Sogn
Tal kommunar	Luster, Sogndal, Vik og Aurland	Årdal og Lærdal
Tal tilsette	15 tilsette fordelt på 7,4 fagstillingar, 1,9 logoped, 0,6 leiar og 0,8 merkantil ressurs.	6 tilsette fordelt på 3,5 fagstillingar og 0,2 logoped (prosjektstilling).
Tal einingar	44	12
Tal unge 0-15 år	4029	1188
Unge per stilling (eks. logoped)	458 (4029/8,8)	340 (1188/3,5)
Leiarstruktur	Leiar med 60 % leiarstilling og 40% fagstilling.	Leiar med leiarstilling og fagstilling utan klar prosentfordeling.
Rapportering	Leiar rapporterer til eit samarbeidsråd med kommunalsjefar	Leiar rapporterer til kommunedirektør i vertskommunen
Kompetanse	Har merkantil ressurs og fast tilsette logopedar	Har ikkje merkantil ressurs og logoped i prosjektstilling
Organisering ute i einingane	To kontaktpersonar per eining for å redusere sårbarheit og spele på kvarandre.	Ein kontaktperson per eining for å få tydlegare dialoglinje med einingane.
Tverrfagleg samhandling	BTI i Sogndal, HSP i Luster, Sospedteam i Vik Innsatsteam i Aurland	BTI i begge kommunar, men skilnad i implementeringa av det.

Kvar kan det ligge potensiale for sterkare samarbeid?

- Kontora har allereie etablert samarbeid gjennom regionale samlingar, felles kurs og prosjekt. Men det kan ligge eit potensial i å samle initiativa i ein tydlegare og meir samanhengande struktur.
- Det er primært kapasitetsutfordringar i begge tenestene som gjer at det er potensial for å sjå på samarbeid om leiing og merkantile oppgåver.
- Utfordringar med rekruttering og likverdig tilgang til spesialkompetanse i regionen gjer at dette er eit potensielt samarbeidsområde.
- Det opplevast viktigare å styrke arbeidet med rammevilkåra, forventningsavklaringar, tidleg innsats, tverrfagleg samhandling etc. enn å bruke mykje kapasitet på å få til ein sterkare samorganisering.

Løysingsøkt for å styrke arbeidet til PP-tenestene

Innsiktsøktene tydeleggjorde at det som ved oppstart av prosessen kunne sjå ut som «lågthengande frukter» i realiteten er meir komplekst samansett. Ikkje minst heng dette saman med at PPT som ein interkommunal teneste samarbeider langs heile aksen frå individ til avdelingar, einingar, kommunar og vertskommunar. Innsiktsarbeidet synleggjorde fleire problemstillingar der dei moglege forbetringane ikkje nødvendigvis handlar om å styrke samarbeidet mellom dei to PP-tenestene.

For å utforske dette moglegheitsrommet deltok difor både tilsette i PP-tenestene, kommunalsjefar for oppvekst og representantar for skule og barnehagar i ei løysingsøkt 7. januar 2027 der dei vart presentert for ni tema der innsiktsarbeidet hadde synt eit forbettringsbehov. Målet med økta var at deltakarane brukte si eiga kompetanse og erfaring til å foreslå løysingar som kunne møte behova og styrke arbeidet til PP-tenestene.

Alle temaene vart presentert med ein påstand, litt kontekst, ei oppgåve for å skape felles forståing mellom deltakarane og ei problemstilling som deltakarane skulle løyse. Deltakarane vart satt saman i gruppe på tvers av fag og kommunar. Alle gruppene måtte jobbe med tre første temaene. Etter dette kunne gruppene velje kva andre tema dei ville jobbe med. Gruppene rakk å jobbe med 4-5 tema kvar.

I etterkant av økta vart dei ulike løysingsforslaga samanlikna tvers av problemstillingar. Målet var å identifisere dei løysingsforslaga som kunne forbetre fleire problemstillingar samstundes.

Løysingsbehova – der det ligg potensial for betring

1. Det er behov for å skyve arbeidsmengda i PPT frå enkeltsaker til arbeid med **systemnivå og førebygging**.
 2. Det er behov for å styrke **tverrfagleg samhandling** mellom PPT og andre tenester.
 3. Det er behov for å skape **likare forventningar** til PPT i kommunane og einingane.
-
4. Det er behov for **tydelegare styringslinjer** mellom kommunane og PP-tenestane.
 5. Det er behov for ein **meir likeverdig PP-teneste** uavhengig av kvar tenestemottakaren bur.
 6. Det er behov for å **rekruttere tilstrekkeleg spesialkompetanse** slik at barn og unge får gode og likeverdige tenester.
 7. Det er behov for at PPT får meir kapasitet til jobbe med **strategisk leiing og styrking på systemnivå**.
 8. Det er behov for meir strukturert oppfølging av **merkantile oppgåver** i PPT.
 9. Det er behov for **tydelegare målsettingar** som PPT kan levere på

Løysingar for å styrke PPT

- Eit sterkare samarbeid om å dele og bruke spesialkompetanse mellom PP-tenestene kan gjere det lettare å:
 - rekruttere spesialkompetanse som logopedar, psykologar og audiopedagogar
 - bygge ein meir likeverdig teneste uavhengig av tilhørsle
 - styrke arbeidet med førebygging og system.
- Med betre rammevilkår kan PP-tenestene jobbe endå tettare på skular og barnehager for å:
 - bygge felles forståing
 - avklare forventningar
 - styrke arbeidet med førebygging og system.
- Likare system og organisering av den tverrfagleg samhandlinga i heile regionen kan bidra til å:
 - betre tverrfagleg samhandling rundt barnet
 - tydeleggjere styringslinjene for PPT
 - bruke spesialkompetansen betre
 - etablere likare forventningar i einingar og kommunar
- tilby likeverdige tenester i heile regionen.
- Dersom tilsette får tid til å jobbe med felles forståing, samhandling og kvalitet kan PP-tenestene:
 - bygge eit sterkare felles fagleg grunnlag intern
 - styrke den tverrfaglege forståinga
 - skape likare forventningar til tenesta ut i kommunane
 - styrke arbeidet med system og førebygging.
- Ein tydeleg struktur på kurs og opplæring som er tilpassa føremålet og deltakarar kan:
 - styrke arbeidet med system og førebygging
 - skape ein meir likeverdige PP-teneste i heile regionen
- Ein oppdatering av avtale, rammeverk og styringsstruktur for PP-tenestene kan:
 - tydeleggjere styringslinjene
 - styrke arbeidet med system og førebygging
 - avklare forventningar på eit overordna nivå

Konklusjonar

Barn og ungdom sitt utbytte av opplæringa må vere det overordna målet for vidare utvikling av PP-tenestene. For å vurdere ein ny organisering eller nye samarbeidsformer må ein synleggjere kva gevinstar som kan ligge i slike endringar, og kva som eventuelt kan gå tapt. I denne type prosessar er det ein risiko for at problemfokuset tek merksemda frå det som allereie fungerer bra. Eit styrka samarbeid har lite verdi viss eit velfungerande fagmiljø går tapt i prosessen.

Trygge og kompetente tilsette må ivaretakast

PP-tenestene fungerer i dag godt på fleire område, særleg gjennom eit trygt og inkluderande arbeidsmiljø prega av høg trivsel og sterk fagleg kompetanse. Tenestene er utviklingsorienterte, samarbeidsvillige og har gode relasjonar både internt og eksternt. Tilsette opplever stor grad av fleksibilitet og autonomi i arbeidskvardagen. Fordelinga av skular og barnehagar mellom tilsette bidreg til nærleik ute blant barna og ungdommane, og skapar oversikt og tryggleik. Samstundes synleggjer det også at tenestene kan vere sårbare ved sjukdom og fråvær, men det er ingen automatikk i at ein samorganisering av tenestene fjernar denne sårbarheita så lenge tal tilsette står uforandra. Det er dessutan ein fare for at ei samorganisering av tenestene kan føre til uro som påverkar både arbeidsmiljø og tenestekvalitet.

PP-tilsette må halde fram med å vere tett på skular og barnehagar

I samarbeidet med andre kommunale tenester er det særleg viktig å ta vare på den korte vegen mellom aktørane. Kjennskapet og tilliten skaper tryggleik i kvardagen. Ein uformell drøftingskultur gjer det lettare å ta opp bekymringar tidleg, og tverrfaglege møtepunkt og strukturar som BTI, ressursteam og andre samhandlingsarenaer legg til rette for tidleg innsats. PPT er tilgjengeleg ute i barnehage og skule, noko som styrkar relasjonar og samarbeid utover reine saksprosessar. Dei fleste deltakarane i øktene har vore tydelege på at denne tilgjengelegheita må ivaretakast, og helst styrkast framover, for å bygge felles forståing, forventningsavklaring, læringskultur og respekt for kvarandre sine roller.

Fleire saker må løysast i skulane og barnehagane

Eit sentralt funn er at saksmengda ikkje kan reduserast av PPT åleine. Kommunar, skular og barnehagar må jobbe systematisk for å styrke det ordinære opplæringstilbodet, bygge kompetanse og i større grad løyse vanskelege saker sjølv. PPT si rolle i tidleg innsats må løftast, men føreset at leiarar i skule og barnehage får betre kompetanse og tydelegare forventningar til kva som skal løysast innanfor rammene av ordinær opplæring. Dei tilsette på PP-kontora har spesial- og spisskompetanse som einingane treng for å komme dit. Dersom leiarar og tilsette står tryggare i eigen praksis, vil færre saker nå PPT-nivå, som gjer at PPT får betre rammevilkår til å rette meir av sitt arbeid mot førebygging og systemutvikling.

Det bør bli likare system og tilnærming i kommunane

Samstundes peikar funna på store variasjonar i system, saksgang og tverrfagleg samhandling i dei ulike kommunane. Kva som er årsaka til denne ulikskapen bør undersøkast nærare sidan ulik praksis rundt tverrfagleg samhandling, spesialundervisning, dokumentasjon og tilvisingsrutinar skapar risiko for ulik kvalitet i oppfølginga av barn og familiar. Ei meir lik og koordinert organisering av det tverrfaglege samarbeidet – inkludert digitale løysingar, felles malar, meir samstemte rutinar og tydelegare styringslinjer – vil kunne gi meir føreseielege og likeverdige tenester i heile regionen.

Samarbeid om viktig kompetanse i PP-tenestene bør styrkast

Tiltaksforslaga frå arbeidet viser at styrka samarbeid om spesialkompetanse på tvers av kontor kan gjere det lettare å rekruttere, utvikle og bruke ekspertise der behovet er størst. Det kan også bidra til meir likeverdige tenester, redusere sårbarheit og gi betre støtte til skular og barnehagar. Begge kontora treng ikkje ha utøvande spesialkompetanse på alt dersom det er formaliserte og gode rammevilkår for deling. Dette gjeld også spisskompetanse hjå tilsette innan smalare felt, til dømes om diagnosar eller metodar.

PP-tenestene treng oppdaterte rammevilkår og styringslinjer²⁹

PPT-leiarane og kommunalsjefane for oppvekst peikar også på at oppdatering av avtalar, rammeverk og styringsstruktur er avgjerande for å sikre ein meir samordna og kompetansedreven praksis. Relevante tema er likskap i avtalar på tvers av PP-tenestane, geografiske utfordringar og finansieringsmodell mellom kommunane. Naudsynt leiar- og tilsettekapasitet i det vidare utviklingsarbeid, vurdering av normtal, behovet for fleire tilsette, oppgåvefordelinga mellom tilsette og/eller meir effektiv organisasjonsstruktur bør også vere ein del av dette. Eit klarare avtaleverk vil gjere det lettare å bygge felles forståing av mål, mandat og forventningar, og samstundes sikre betre rapporterings- og oppfølgingsrutinar med vertskommunane.

PP-tilsette må få kapasitet til å bygge kompetanse

Vidare peikar tiltaksforslaga på behovet for betre rammevilkår som gjer PPT i stand til å jobbe tettare inn mot einingane – både gjennom kompetansebygging, avklaring av forventningar og styrking av førebyggjande arbeid. Dersom tilsette får tid og rom til å jobbe med felles forståing, samhandling og kvalitetsutvikling, vil PPT kunne styrke det faglege fundamentet internt, skape likare forventningar ut mot kommunane og løfte system- og førebyggjingsarbeidet. Ei tydeleg struktur for kurs og opplæring som er tilpassa føremålet vil kunne bidra til ei meir einsarta praktisering av PPT si rolle i regionen.

Kvalitetsutvikling på tvers av fag og kommunar

På bakgrunn av dette kan eit felles fagutviklingsprosjekt på tvers av kommunar og PP-tenester vere ein viktig veg vidare. Eit slikt prosjekt bør i så fall inkludere alle nivå – PPT, skuleleiing, barnehageleiing og kommunale leiarar – då utviklingsarbeidet ikkje kan avgrensast til tenesta åleine. Tema som det heilskaplege laget rundt barnet, spisskompetanse, kvalitet i tilrådingar, felles vurderingspraksisar og betre samhandling er døme på innhald. Ei slik satsing vil ikkje berre styrke kompetansen, men også bidra til ein styrka kultur for samarbeid på tvers av tenester og kommunar. Ikkje minst kan det bidra til å sette ei tydeleg felles retning for framtidens PP-tenester.

PP-tenestene har eit solid fundament med fagsterke tilsette, trygge relasjonar og tenester som fungerer. Ved vidare utvikling er det avgjerande å halde fast ved den kunnskaps- og tillitsbaserte kulturen blant tilsette. Det er potensial for å styrke samarbeidet mellom PP-tenestene i Sogn endå meir, både når det gjeld bruk av spesialkompetanse, administrativ støtte og leiingsfunksjonar. Ein meir samla PPT-teneste kan bli mindre sårbar og spele på eit større fagmiljø.

Samstundes peikar fleire forhold på at dei største effektane – både for barn og tenester – truleg vil kome frå ei breiare utvikling av system, struktur og felles praksis i regionen. Likare rammer, betre styringslinjer og meir samordna tverrfagleg samarbeid rundt barn og unge vil kunne gi større kvalitetshopp enn organisatoriske grep åleine. Veggen vidare for PP-tenestene ligg difor truleg i ein kombinasjon av følgjande:

- Oppvekstsjefane bør ta initiativ til å etablere likare tverrfagleg samhandling om laget rundt barnet i heile regionen, og bruke det som eit fundament for å styrke kvalitet og samarbeid i regionen.
- Vertskommunane bør ta initiativ til å oppdatere rammevilkåra og styringslinjene for PP-tenestene slik at dei samsvarar med dei statlege og kommunale forventningane som ligg til grunn.
- PP-leiarane bør saman med vertskommunane utforske potensialet for eit meir formelt samarbeid om spesialkompetanse mellom PP-tenestene.
- PP-leiarane bør jobbe for å frigjere meir kapasitet i PP-tenestene til dedikert arbeid med tidleg innsats i nært samspel med skular, barnehagar og oppvekstsjefar.
- Sogn KO bør ta initiativ til eit regionalt fagutviklingsprosjekt om PPT i samarbeid med ekstern konsulent. Grensegangen mot «System for styrka læring» må avklarast med PP-leiarane. Målet bør vere å sette retninga for framtidens PPT i Sogn og inkludere både PPT og oppvekstleiinga i prosjektet.

Først etter å ha fått nokre svar frå desse prosessane kan PP-kontora og kommunane sannsynleggjere kapasitets- og kvalitetsfortrinna ved ei samorganisering av spesialkompetanse, merkantile ressursar og/eller leiarnivå mellom PP-kontora.

Tilbakemelding på rapporten frå tilsette

Oppsummering:

Tilsette i PPT Indre Sogn og Sogn PPT fekk moglegheita til å gi tilbakemelding på rapporten før endeleg ferdigstilling og siste møte i styringsgruppa. Tilbakemeldingane frå dei to kontora var relativt like.

Tilsette opplever at rapporten gir ei treffande og realistisk skildring av dagens situasjon i tenesta. Det blir peika på at rapporten løftar fram utfordringar som dei lenge har prøvd å formidle oppover i systemet – særleg behovet for oppdaterte rammevilkår, styringslinjer og likare forventningar frå kommunane.

Dei fleste uttrykkjer semje i hovudkonklusjonen om at arbeidet bør rette seg mot betre rammer og struktur før ein vurderer ny organisering. Dette blir oppfatta som eit viktig og riktig grep for å styrkje tenesta samla sett. Tilsette peikar også på at rapporten gjer eit godt arbeid med å synleggjere dei store variasjonane mellom kontora når det gjeld geografi, einingstal, ressursar og moglegheit til å vere tett på barnehage og skule. Slike ulikskapar skapar utfordringar for likeverdige tenester og gjer det utfordrande å levere etter intensjonane i opplæringslova. Samstundes blir det sett pris på at rapporten anerkjenner kompetansen i tenesta, og at samarbeidet mellom fagpersonar fungerer godt når rammene ligg til rette.

Rapporten blir opplevd som eit kunnskapsgrunnlag som legitimerer dei behova tilsette har peika på over tid.

Innspelt til vidare prosess frå tilsette

Oppsummering:

Tilsette er tydelege på at vidare prosess må vere strukturert, føreseieleg og tydeleg tidfesta. Erfaringane frå denne og tidlegare prosessar viser at manglande framdriftsplan, korte fristar og uklare forventningar skapar unødvendig belastning i ein allereie travel kvardag. Dei etterlyser difor betre planleggingshorisont (gjerne 3–6 månader) og klarare informasjon om kva trinn som kjem når.

Eit gjennomgåande tema er behovet for at den vidare prosessen gjer at kommunar og samarbeidstenester får tydlegare roller, betre forståing av PPT sitt mandat og likare rutinar for tilvising, systemarbeid og tverrfagleg samarbeid. Etter kvart må prosessen også konkretisere kva samarbeidsmodellar som faktisk skal vurderast, slik at ein unngår speulasjonar og usikkerheit.

Det blir framheva at samarbeidet må byggje på at strukturendringar faktisk gir betre tenester for barn og familiar – ikkje berre organisatoriske endringar utan fagleg gevinst. Difor bør den vidare prosessen også inkludere fleire perspektiv: brukarar, fleire av einingane, andre spesialtenester (som barnevern, BUP og Statped) og kommunale leiarar. Tilsette ønskjer også at framtidig prosess tek inn over seg geografiske ulikskapar, reiseavstandar og varierende ressursgrunnlag i kommunane. Målet bør vere ei trinnvis utvikling der avklaringar om rammer, forventningar og kvalitet kjem før ein diskusjon om mogleg organisering.

Utgreiing av vertskommunesamarbeid om ureining, miljø og tilsyn av private avløp

Bakgrunn

På oppdrag frå styret i Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (KO) er det utarbeidd ein forstudie innan plan og tilgrensande fagområde. Styret har vedteke at administrasjonen førebur eit vertskommunesamarbeid om ureining, miljø og tilsyn av private avløp.

Forstudien Plan i Sogn tek opp problemstillingar og oppfølgingspunkt som krev nærare avklaring, og desse inngår i denne utgreiinga.

Vidare omhandlar utgreiinga ein tidsplan for oppgåver som bør følgjast opp etter den politiske handsaminga i kommunane.

Om forstudien Plan i Sogn

Styret i Sogn KO vedtok i februar 2024 å starta utgreiingsarbeidet om plan og tilgrensande fagområdet i samsvar med vedteke mandat.

Forstudien Plan i Sogn utgreidde kva fagområde som kan inngå i samarbeidet og alternative modellar for organisering. Dette for å gi innsikt og avgjerdsgrunnlag for interkommunalt samarbeid.

Målet for samarbeidet er å utvikla gode og stabile fagmiljø innanfor plan og tilgrensande forvaltningsområde – slik at kommunane kan møte statlege retningslinjer og lovkrav, innbyggjarane og næringslivet sine behov og vere i stand til å gjennomføre ei utviklingsretta og samstundes berekraftig samfunnsutvikling.

Forstudien kartla fakta og status i kommunane, og henta innsikt frå tilsette i kommunane og andre. Tre ulike modellar for samarbeid vart utgreidd: Fagnettverk, formelt samarbeid for avgrensa fagområde og heilskapleg løysing for plan og tilhøyrande fagområde.

Sluttrapporten *Plan i Sogn* tilrådde etablering av fleire tenestesamarbeid der eitt av desse var innan fagområde miljø, ureining og tilsyn av private avløp.

Prosjektrapporten frå forstudien (10. mars 2025) vart lagt fram for styret i Sogn 24. mars. Styret sitt vedtak var i samsvar med prosjektgruppa si tilråding:

1. *Det vert oppretta **forpliktande fagnettverk** for fagområda byggesak, plan og landbruk. Føresetnader i sluttrapporten for forstudien for optimalisering av fagnettverka vert lagt til grunn for oppfølging i forprosjekt.*
2. *Det vert oppretta **vertskommunesamarbeid** for fagområda kart/oppmåling/GIS og ureining/miljø/tilsyn av private avløp. Styret ber administrasjonen om å gå vidare med ei saksutgreiing om vertskommunesamarbeid for politisk handsaming i kommunane. Føresetnader i sluttrapporten for forstudien for optimalisering av vertskommunesamarbeida vert lagt til grunn for oppfølging i forprosjekt.*

3. *Kommunalt oppgåvefelleskap (KO) skal vurderast som eit mogleg neste trinn innan fagområda byggesak, plan og landbruk når kommunane får erfaring frå iverksette tiltak i punkt 1 og 2.*

Ansvar for gjennomføring av forprosjekta vert lagt til tenesteutviklar.

Prinsipielle spørsmål for vertskommunesamarbeid, som t.d. deltaking i samarbeidet, val av vertskommune, budsjettkalkyle og kostnadsfordeling skal drøftast/avklarast i Sogn KO før forprosjekt vert ferdigstilt.

Administrasjonen sitt utgreiingsarbeid vart sett i gang då tenesteutviklar starta i mai.

Styret vedtok i møtet 4. juni 2025 at vertskommunesamarbeid om ureining, miljø og tilsyn av private avløp blir vurdert seinare.

Grunngjevinga for utsetjingsvedtaket var pågåande utgreiing frå SIMAS om etablering av interkommunalt tilsyn mot forsøpling og ulovleg avfallshandtering i Sogn. Administrasjonen har etter dette vedtaket hatt dialog med Simas for informasjon om utgreiingsarbeidet og for å vurdere moglegheiter for å samordneprosessane.

Styret gjorde i møtet 9. desember 2025 slikt vedtak:

1. *Styret ber administrasjonen førebu eit vertskommunesamarbeid for miljø, ureining og tilsyn av private avløp utifrå rammene frå forstudierapporten.*
2. *Styret tek stilling til saka i neste styremøte og planlegg for politisk handsaming av samarbeidet i kommunane før sommarferien.*
3. *Styret tek til vitande tilbakemelding frå kommunar som melder inn interesse for å vera vertskommune:*
 - *Luster*
 - *Sogndal*
4. *Styret ber administrasjonen utgreie val av vertskommune for dei aktuelle kommunane basert på kriteria i vedteken vurderingsmal.*
5. *Styret tek stilling til kva kommune som blir vertskommune i neste styremøte.*
6. *Kompetansemiljøet til Simas IKS kan vere relevant for delar av fagområdet, og styret ber om at vertskommunesamarbeidet vert rigga slik at ein effektivt kan få tilgang til fagressursar og utnytte ledig kapasitet. Ein utfyllande tenestekatalog frå Simas er nyttig i det vidare arbeidet.*

Vertskommunesamarbeid

Vertskommunesamarbeid er særleg eigna for interkommunalt samarbeid om lovpålagde oppgåver.

Utgreiinga omhandlar vertskommunesamarbeid om ureinings saker og tilsyns oppgåver.

Fem av kommunane var med i forstudien Plan i Sogn: Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Aurland kommune har ikkje vore med så langt, men har høve til å bli med i denne utgreiinga eller knyte seg til samarbeidet seinare.

Dei punkta som krev nærare vurdering som oppfølging av forstudien blir omtalt i den vidare utgreiinga.

1. Ansvar og oppgåver

Miljø og ureining:

Kommunen har ansvar for å følgje opp saker om forureining og forsøpling etter forureiningslova. Samarbeidet skal bidra til å motverke forsøpling gjennom råd, rettleiing og informasjon til innbyggjarane. Det skal gjennomførast kartlegging og tilsyn knytt til avfall og forsøpling, og samarbeidet skal følgje opp miljøraker etter forureiningslova, til dømes bilvrak, båtvrak og ulovlege fyllingar.

Tilsyn av private avløp:

Kommunen er ureiningsmyndigheit etter ureiningsforskriften kap 12, 13, 15 og 15A4 og skal føre tilsyn med private og kommunale avløpsanlegg og sørge for at desse anlegga ikkje fører til ureining.

Utslepp frå avløpsanlegg er i mange område ei stor kjelde til ureining av vatn, elvar og myrar. Opprydding i mindre avløpsanlegg er eit viktig tiltak for å nå målet i EU sitt vassdirektiv. Klima- og miljødepartementet har laga nasjonale føringar om at alle avløpsanlegg i kvar kommune skal oppfylle ureiningsforskrifta sine reinsekrav.

Miljødirektoratet har gitt pålegg om at alle avløpsanlegg skal tilfredsstille forskriftskrava innan 2027, seinast 2033. For å nå dei nasjonale målsetningane, må kommunane prioritere tilsynsarbeidet med avløpsanlegga.

Det er henta inn tal private avløp som viser at det er om lag 5000 (Luster 1324, Lærdal, 655, Sogndal 1593, Vik 1212 og Årdal 205). Tala er henta frå Norva24 som tømmer avløpsanlegg.

Det finst truleg fleire avløpsanlegg enn det som er registrert. Dette kan vera anlegg som vart bygd før det var søknadspliktig eller anlegg som er etablert utan at det er søkt om løyve.

Delegering av mynde i samarbeidsavtalen:

Samarbeidsavtalen regulerer oppgåver og delegering av mynde frå samarbeidskommunen til vertskommunen. Desse lovføresegnene vil bli delegerte til vertskommunen:

- Forureiningslova §§ 2, 7, 11, 28, 35, 37, 48-52, 73-74, 76-77
- Forureiningsforskrifta kap 2, kap 12, kap 13, kap 15 og kap 15A4

Samarbeidskommunane må fatte vedtak om delegering av myndigheit når dei inngår vertskommunesamarbeidet.

Samarbeidskommunane kan ikkje delegere saker av prinsipiell betydning.

2. Stillingsressursar

Fagområda klima og naturforvaltning inngår ikkje i dette vertskommunesamarbeidet.

Oppgåvene innan miljø, ureining og tilsyn av private avløp er ulikt organisert i kommunane. Det varierer kva stillingar kommunane har på desse fagområda.

Sogndal har 2 stillingar og Luster 1 stilling innan miljø og ureining. I kommunane Lærdal, Vik og Årdal ligg oppgåvene som delstilling på ein eller fleire tilsette i kommunen.

Kommunane er i ulik grad i gang med tilsyn av private avløp. Å skaffa ei oversikt over tilstanden i dei mindre avløpsanlegga og starte eit systematisk tilsynsarbeid, krev kompetanse, ressursar og ein heilskapleg plan for oppfølging. Kommunane Luster og Sogndal har vedteke plan for tilsyn av private avløp, medan dei andre dei andre kommunane har ikkje vedteke tilsynsplan. Lærdal og Vik har ikkje starta arbeidet med å føre tilsyn.

Ureiningssaker og tilsyn av private avløp kan vera krevjande å handtere lokalt. Å samle oppgåvene gir større fagmiljø som gjer det mogleg å fordele oppgåvene på fleire. Saker kan diskuteras på tvers av kommunane. Eit samarbeid vil redusere sårbarheit der det i dag er små stillingsressursar.

Det er behov for planlegging og oppfølging i perioden fram til etablering av samarbeidet. Det vil bli utarbeidd ein detaljert prosjektplan etter handsaminga i kommunane. Vertskommunen og samarbeidskommunane må leggje til rette for tilstrekkeleg med ressursar i overgangsperioden. Sogn KO legg opp til å leige inn prosjektleiar slik at samarbeidet får utgreiingskapasitet.

3. Val av vertskommune

Sogn KO har utvikla og vedteke vurderingsmal for val av vertskommune. Dette verktøyet har sju faktorar som vert vurdert i høve kor viktig den er for den aktuelle tenesta. Faktorane er eksisterande fagkompetanse, administrativ kapasitet, desentral struktur / brukarkontakt, reiseveg og geografiske omsyn, moglegheiter for pendling, fagmiljø og fysisk samlokalisering og fordeling av vertskommuneansvar. Det kan leggjast til fleire faktorar ved behov.

Kommunane vert gitt ei vekting for kvar faktor.

Det treng ikkje nødvendigvis vera kommunen som får høgast skår som blir vertskommune.

I styremøte 9.12. melde kommunane Luster og Sogndal interesse for å vera vertskommune for dette samarbeidet, og det er desse to kommunane som er utgreidd.

Vurderingsmal:

Teneste: Miljø og ureining	Vekting 1-5				
	Kor viktig for tenesta?	Luster	Sogndal		
Eksisterande fagkompetanse	4	5	20	5	20
Administrativ kapasitet	3	4	12	5	15
Desentral struktur / brukarkontakt	3	4	12	4	12
Reiseveg og geografiske omsyn	3	3	9	4	12
Moglegheiter for pendling	3	3	9	4	12
Fagmiljø og fysisk samlokalisering	4	4	16	4	16
Fordeling av vertskommuneansvar	4	5	20	3	12
...			0		0
...			0		0
Sum			98		99

Skala:

5 - Svært viktig	5 – Svært godt
4 - Viktig	4 - Godt
3 - Middels	3 - Middels
2 - Lite viktig	2 - Svakt
1 - Ikkje viktig	1 - Ikkje tilfredsstillande

Utgreiinga viser at begge kommunane er godt eigna til å vere vertskommune. Begge har relevant fagkompetanse og tilstrekkeleg administrativ kapasitet (arkiv, IKT, økonomi). Med desentral lokalisering i kommunane vil det vera små skilnader for faktorane reiseveg, pendlingsmoglegheiter og nærleik til brukarane. Begge kommunane har etablerte fagmiljø og moglegheit for samlokalisering med tilgrensande fagområde. Kommunane ønskjer ei fordeling av vertskommuneansvar noko som gir Luster høgare skår. Det er mogleg å leggje til fleire faktorar i vurderinga.

Det er lagt opp til at styret tek avgjer om val av vertskommune i styremøte 23. februar.

Når kommunen etablerer eit interkommunalt samarbeid på eit område der kommunen tidlegare har gjennomført oppgåvene sjølv, kan det bli spørsmål om overføringa av verksemda til samarbeidet er å sjå på som verksemdoverdraging etter aml § 16.

Ei verksemdsoverdraging er etter arbeidsmiljølova ei overdraging av ei verksemd til ein anna arbeidsgjevar der arbeidstakar sitt tilsetjingsforhold automatisk blir overført til ny arbeidsgjevar.

Lønns- og øvrige arbeidsvilkår som arbeidstakar har hatt hos tidlegare arbeidsgjevar skal også bli overført til ny arbeidsgjevar.

Det er kommunane som arbeidsgjevarar som må drøfta med tillitsvalde og informera berørte arbeidstakarar så tidleg som råd om verksemdoverdraginga.

Det er utarbeidd eige notat om verksemdoverdraging til Sogn KO med informasjon om korleis verksemdoverdraginga skal skje m.a. om kva prosess som skal følgjast, involvering av tillitsvalde og arbeidsgjevar sitt ansvar for tilsette.

4. Lokalisering av tenestene

Kommunane tilrår ein desentral struktur for samarbeidet. Tilsynsoppgåvene vert utførte i kommunane, og det er derfor rasjonelt at tilsette har kontorplass og oppmøte i kommunen dei utfører oppgåver for. Dette reduserer reisetid ved tilsyn og gir meir effektiv ressursbruk.

Omfanget av felles arbeidsdagar og møtedagar bør drøftast og avklarast før etableringa. Fellesdagar er viktig for å utvikla eit godt og samla fagmiljø.

Samarbeidet må sikre at oppgåver vert fordelte og at fagpersonar kan avlaste kvarandre på tvers av kommunane.

5. Sakshandsamingssystem og arkiv

Saker som berre gjeld éin kommune vert arkiverte i den aktuelle kommunen sitt sak-/arkivsystem. Saker som gjeld alle kommunane i samarbeidet, vert arkiverte i vertskommunen sitt sak-/arkivsystem.

Grunngjevinga for arkivering i kvar kommune er:

- Kommunane har like gards- og bruksnummer, og desse vert nytta når saka blir journalført. Det kan også vera like adresser i kommunane som vil gjere felles arkiv uoversiktleg.
- Krav om innsyn blir handtert av arkivteneste/innbyggjartorget i kvar kommune
- Klagehandsaming skal skje i den kommunen saka høyrer til. Arkivering i kvar kommune vil sikre kopling i sak-/arkivsystemet mellom handsaming og evt klagehandsaming.

6. Samordning av rutinar og planar

Kommunane har ulike rutinar og retningslinjer for arbeidet innan miljø, ureining og tilsyn av private avløp. For forsøplingssaker og avløp har nokre kommunar utarbeidd malar og retningslinjer eller bruker malar frå Miljødirektoratet og Norsk Vann

Felles system med malar og rutinar vil styrke grunnlaget for kvalitet og effektivitet i tenesta. Vertskommunen bør i samarbeid med dei andre kommunane utarbeidde retningslinjer for samhandling mellom deltakarkommunane. Desse retningslinjene bør omfatte kommunikasjon og informasjonsflyt, rutinar for sakshandsaming og prioritering, koordinering med tilgrensande fagområde, felles fagutvikling og kompetanseheving.

Kommunane Luster og Sogndal har utarbeidd tilsynsplanar for små avløpsanlegg. Luster sin plan er frå 2023. Sogndal har frå 2019 og utarbeider ein ny plan. Kommunane Lærdal, Vik og Årdal har ikkje tilsynsplan og utfører ikkje tilsyn av private avløp. Samarbeidet bør utarbeide ein felles tilsynsplan for kommunane som sikrar eit systematisk tilsynsarbeid.

Arbeidet med felles retningslinjer, malar og planar kan med fordel starte tidleg i prosessen.

Vertskommunen vil ha ansvar for å sikre god samhandling mellom tilsette og på tvers av kommunane, og for å halde kontakten med samarbeidsaktørarar, til dømes Simas, Sogn friluftsråd, brannvesena i Sogn.

7. Gebyrforskrift

Kommunen kan krevje inn gebyr for sakshandsaming og kontrollgebyr etter forureiningsforskrifta. Gebyret vil finansiera arbeidet med tilsyn og kartlegging av avløpsanlegga i kommunane.

For å krevje inn gebyr må det utarbeidast ei lokal forskrift.

Luster kommune vedtok forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll av avløpsanlegg i 2023. Sogndal kommune har gebyrforskrift på høyring.

Kommunane har utarbeidd forslag til felles gebyrforskrift. Dette arbeidet vart sett på vent i 2024 då forstudien plan i Sogn starta. Gebyrforskrifta må handsamast politisk i kvar kommune. Med positive vedtak i kommunane om vertskommunesamarbeid i mars-april, kan gebyrforskrifta ferdigstillast i april-mai og handsamast politisk før sommaren og deretter sendast på høyring.

Gebyrsatsane må handsamast årleg i kvart kommunestyret. Gebyra skal vera basert på sjølvkost og kan ikkje overstige kommunen sine kostnader ved sakshandsaming eller kontrollordninga, jf ureiningslova § 52a. Det vert lagt til grunn at alle eigedommar som har privat avløpsanlegg skal betale dette gebyret.

Kommunane må vurdere om fakturering- og innkrevjingsansvaret skal liggje til vertskommunen eller til kvar kommune. Dette må vurderast i det vidare arbeidet.

8. Økonomi og budsjettkalkyle

Budsjettkalkyle og kostnadsfordeling følgjer som vedlegg til samarbeidsavtalen. Det er lagt opp til at budsjettkalkylen i løpet av hausten 2026 kan justerast for lønns- og prisvekst, og i samsvar med dimensjonering av samarbeidet.

Styret har drøfta prinsipp for fordeling av kostnader, og konkluderte om modell for kostnadsfordeling (20. oktober 2025). Hovudregelen er å fordele 25% likt pr kommune og 75% variabel del etter folketal eller anna relevant kriterium knytt til tenesta.

Tal private avløp er relevant kriterium for sakshandsaming og tilsyn av avløpsanlegga. I framlegg til samarbeidsavtale er variabel del basert på tal registrerte private avløp pr 1. juli i året før budsjettåret. Det er mogleg å kombinere denne kostnadsmodellen med folketal for andre oppgåver i samarbeidet. Folketal vil vera meir eigna for å fange opp forventa omfang av andre oppgåver i samarbeidet. Samarbeidsavtalen skal innehalde framlegg til modell for kostnadsdeling. Mogleg modell for å fordele kostnadane er:

- 25% blir delt likt mellom deltakarkommunane.
- 75% blir fordelt etter
 - talet på registrerte private avløp pr 1. juli for kostnader knytt til sakshandsaming og tilsyn av spreidde avløp
 - tal innbyggjarar for kostnader knytt til dei andre miljø- og ureiningsoppgåvene

For å finansiere arbeidet med tilsyn av private avløp, kan kommunane vedta å innføre gebyr. Gebyrstorleiken skal setjast ut frå kostnaden kommunen har med å gjennomføre tilsyna. Innkrevjinga skal vera basert på sjølvkost. Det vert lagt til grunn at alle eigedommar som har eit privat avløpsanlegg, skal betale dette gebyret.

Andre miljø og ureiningsoppgåver, som tilsyn av forsøpling, kan ikkje gebyrfinansierast.

Dersom fakturering- og innkrevjing skjer kommunevis, vil samarbeidet utarbeide eit bruttobudsjett og dersom vertskommunen krev inn gebyra vert det utarbeidd nettobudsjett.

9. Utgreiing frå Simas

Simas IKS har utgreidd interkommunalt samarbeid innan tilsyn av forsøpling og ulovleg avfallshandtering. Bakgrunnen var vedtak i representantskapet i Simas hausten 2024 om å søkje om skjønnsmidlar. Lærdal kommune søkte på vegne av kommunane og fekk skjønsmidlar til forprosjektet. Dette forprosjektet har gått parallelt med Sogn KO si utgreiing om plan i Sogn og tilgrensande fagområde. Det har vore gjensidig informasjon mellom Simas og Sogn KO undervegs i arbeidet.

Styret i Sogn KO vedtok i møtet 9.12.2025 å halde fram med å utgreie eit vertskommunesamarbeid innan miljø, ureining og tilsyn av private avløp, i samsvar med tilrådinga frå prosjektgruppa i forstudien Plan i Sogn. Dette vil gje eit større og breiare fagmiljø enn om samarbeidet vert avgrensa til tilsyn av private avløp.

Ei samla organisering vil gjere kommunane godt rusta til å handtere oppgåvene og vil gje eit større fagmiljø innan miljø og ureining. Samarbeidet vil bidra til å redusera sårbarheit og sikre effektiv bruk av kompetansen i kommunane.

Sogn KO tilrår at vertskommunesamarbeidet kan riggast til at vertskommunen kan få tilgang til fagressursar og utnytte ledig kapasitet i Simas. Eventuelt tenestekjøp må følgje vanlege innkjøpsregler for vertskommunen. I den vidare utgreiinga av vertskommunesamarbeidet er det naturleg å kartleggje kva synergjar vi kan hente frå Simas-organisasjonen. Ein utfyllande tenestekatalog frå Simas kan vere nyttig i det vidare arbeidet, jf styrevedtaket i Sogn KO 9.12.25.

Simas konkluderer i forprosjektet med at samarbeid om tilsyn av forsøpling og ulovleg avfallshandtering bør organiserast som eit vertskommunesamarbeid. Sluttrapporten blir ferdigstilt 20. februar 2026, og vil bli teke med som kunnskapsgrunnlag i det vidare arbeidet i Sogn KO.

10. Vidare arbeid

Med positive vedtak i kommunestyra om vertskommunesamarbeid vil prosjektorganiseringa bli etablert. Prosjektet vil starte når samarbeidsavtalen er vedteken og vert avslutta når samarbeidet er etablert.

Ein overordna prosjektplan går til styringsgruppa som utarbeider ein detaljert prosjektplan. Denne planen skal godkjennast av prosjekteigar (vertskommunen).

I nært samspel med vertskommune og Sogn KO har styringsgruppa ansvar for alle aspekt ved samanslåing av oppgåvene til eit vertskommunesamarbeid.

Roller og eigarskap

- Prosjekteigar: Vertskommune
- Prosjektansvarleg: Kommunedirektøren i vertskommunen

- Styringsgruppe: Kommunalsjefane som er overordna miljø og ureining i deltakarkommunane + representant frå Sogn KO og regiontillitsvald.
- Prosjektleiar: Ekstern innleigd kompetanse eller intern ressurs frå ein av kommunane
- Prosjektgruppe: Vert etablert etter oppstartsmøte i styringsgruppa.

Det er utarbeidd ein førebels tidsplan som styringsgruppa følgjer opp med ein detaljert prosjektplan. Planen vil innehalde aktivitetane som skal gjennomførast i prosjektet, og skal godkjennast av prosjekteigar.

Tidsplanen legg opp til ei prosjektperiode frå mars til desember. Tilsette i kommunane har peikt på at det bør setjast av vera meir tid til å planlegge samarbeidet og at det trengst meir tid til å førebu etableringa. Nokre uttrykkjer uro for at omorganiseringa vil ta tid og krevje ressursar som går utover deira planlagte oppgåver. Det blir samstundes peika på fordelar med å få etablert eit større fagmiljø og moglegheiten til å diskutere saker der tilsette no står åleine i vurderingane.

Det er innspel frå dei tilsette om å etablere fagnettverk med tenestekjøp mellom kommunane som eit første steg og seinare etablere eit vertskommunesamarbeid. Det er også spelt inn at kommunane først bør etablere eit vertskommunesamarbeid for tilsyn av private avløp, og at forsøplingstilsyn eventuelt kan bli inngått på eit seinare tidspunkt. Dette alternativet vil gje eit lite fagmiljø.

Administrasjonen i Sogn KO førebur og utgreier eit vertskommunesamarbeid i samsvar med styrevedtaket.

Etter drøftingane med dei tilsette foreslår administrasjonen at arbeidet med å utvikla felles rutinar og retningslinjer vert starta opp tidlegare enn først skissert. Dette arbeidet kan gå parallelt med den politiske handsaminga i kommunane, og vil uavhengig av politiske vedtak vere nyttig for kommunane å samarbeide om. Administrasjonen tilrår at Sogn KO set av midlar til å leige inn prosjektleiar for å utgreie og koordinere arbeidet. Ekstra kapasitet til prosjektleiing vil bidra til at arbeidet kan gjennomførast på ein god og føreseieleg måte. Samanlikna med andre tilsvarande samarbeid, til dømes Nordfjord og KAV Hallingdal, legg vi opp til lengre prosjektperiode frå politiske vedtak i kommunane og fram til iverksetjing. Ved prosjektstart vil det bli utarbeidd ein detaljert prosjektplan med evt. justeringar.

Tidspunkt	Aktivitet	Ansvar
26. februar 2024	Styrevedtak om å setje i gang forstudie plan i Sogn og tilgrensande fagområde	Styret
24. mars 2025	Forstudierapport Plan i Sogn og tilgrensande fagområde handsama og styrevedtak om å utgreia vertskommunesamarbeid innan miljø/ureining/tilsyn av private avløp	Administrasjonen
4. juni	Styrevedtak om å utsetje handsaming av samarbeid om miljø/ureining/tilsyn av private avløp	Styret
Desember	Informasjon og drøfting med tilsette og tillitsvalde, jf lov og avtaleverk	Arbeidsgjevarane
9. desember 2025	Sak til styret i Sogn KO. Vedtak om vidare utgreiing.	Administrasjonen

23. februar 2026	Styrevedtak om vidare prosess i saka	Styret
27.februar -19. mars	Drøfting av vertskommunesamarbeidet med tillitsvalde. Referatet til Sogn KO.	Kommunane
April-mai	Evt justere forslaget til felles gebyrforskrift som ligg føre	Sogn KO Kommunane
7. april 2026	Styret handsamar val av vertskommune, samarbeidsavtale og budsjettkalkyle	Styret
April-juni 2026	Samarbeidsavtale til politisk handsaming i kommunane	Kommunedirektørane
Februar- april 2026	Informasjon til arbeidstakarar om verksemdoverdraging	Arbeidsgjevarane
April-mai	Samordne rutinar og praksisar – utarbeidde retningslinjer og rutinar	Sogn KO
Mai-desember	Planlegge felles teneste i samsvar med prosjektplan.	Vertskommunen
Mai-august	Gebyrforskrift til politisk handsaming (alle) Leiing og organisering – avklare prosjektleiing Innplassering og evt stillingsutlysingar avklart Plan for etablering og drift av felles teneste Plan for kompetanseutvikling Invitasjon til Simas om å utarbeidde tenestekatalog, jf styrevedtak 9.12. og i samsvar med anskaffingsregelverket	
Juni-september	Beskrive oppgåvene som ligg til vertskommunen Plan for samarbeid med dei andre kommunale einingane og rutinar for koordinering /samhandling med tilgrensande fagområde i kommunane Utarbeidde framlegg til gebyrregulativ Utarbeidde felles tilsynsplan	
Aug-sept	Tilgang til fagsystem /arkivsystem, kontor, møterom mv (alle)	
Sept-okt	Organisasjonen er på plass Gebyrregulativ til politisk handsaming til budsjetthandsaminga (alle) Vertskommunen justerer evt. budsjettkalkylen Utarbeidde felles malar Retningslinjer for kommunikasjon og informasjonsflyt Tiltak for kulturbygging	
Nov-des	Lansering og presentasjon av ny organisasjon	
1.1.2027	Etablering av vertskommunesamarbeid	

11. Delegeringsvedtak

Delegering skjer formelt ved at kommunestyret i samarbeidskommunen gir instruks til eigen kommunedirektør om å delegere mynde til kommunedirektøren i vertskommunen. I tillegg til å inngå ein samarbeidsavtale om vertskommunesamarbeid, skal alle deltakarkommunane fatte eit eige delegeringsvedtak. Dette kan gjerast i same sak, men som to ulike vedtak, jf rettleiaren om interkommunalt samarbeid. Delegeringsvedtaket er derfor teke med som eige punkt i saka til kommunestyret.

24. mars 2026



Utgreiing om felles interkommunalt forsøplingstilsyn i Sogn

EIT FORPROSJEKT UTFØRT AV SIMAS IKS
PÅ VEGNE AV EIGARKOMMUNANE

17. FEBRUAR 2026

Samandrag

Denne utgreiinga er basert på vedtak i SIMAS IKS sitt representantskap, og vurderer etablering av eit felles interkommunalt tilsyn for forsøpling og ulovleg avfallshandtering i Sogn. Dette er eit kunnskapsgrunnlag som kan utfylle utgreiingsjobben som Sogn KO gjer på eit mogeleg vertskommunesamarbeid om ureining, miljø og tilsyn av private avløp.

Kartlegginga viser at dagens forsøplingstilsyn er fragmentert, i hovudsak reaktivt og prega av låg kapasitet, kompetanse, mangelfulle rutinar og utfordringar knytt til habilitet og nærleik til tilsynsobjekt.

Erfaringar frå andre regionar viser at interkommunalt samarbeid gir betre kvalitet, meir føreseieleg praksis og effektiv ressursutnytting. På grunnlag av juridiske vurderingar og organisatoriske omsyn vert vertskommunemodellen etter kommunelova kapittel 20 tilrådd.

Dersom tilsynet skal vere eit reint forsøplingstilsyn vert ressursbruken estimert til å trenge ca. 2–3 årsverk. Sogn KO utgreier parallelt grunnlag for eit felles tilsyn for private avløp i Sogn. Eit kombinert tilsyn for forsøpling og private avløpsanlegg vil trenge ca. 4–5 årsverk ut frå tal forsøplingssaker og omfang av private avløpsanlegg i kommunane. Eit felles tilsyn kan delvis finansierast gjennom sjølvkost (avløpstilsynet) og vil gje betydelege miljømessige og administrative gevinstar, samt sikre lik sakshandsamingspraksis mellom kommunane.

Det vert tilrådd å etablere eit felles miljøtilsyn for Sogn for private avløpsanlegg og forsøplingssaker organisert som eit vertskommunesamarbeid.

1. INNLEIING OG BAKGRUNN.....	3
1.1. <i>Føremål med forprosjektet.....</i>	3
1.2. <i>Lovgrunnlaget for tilsyn med avfallshandtering, ureining og forsøpling.....</i>	3
1.3. <i>Fordeling og utøving av myndighet i ureinings- og forsøplingssaker.....</i>	6
1.4. <i>Ulike former for interkommunale samarbeid.....</i>	8
2. KARTLEGGING AV DAGENS SITUASJON I SOGN.....	9
2.1. <i>Metode for datainnsamling.....</i>	9
2.2. <i>Omfang av saker om forsøpling og ulovleg avfallshandtering i kommunane.....</i>	10
2.3. <i>Noverande forvaltningspraksis i forsøplingssaker.....</i>	11
Rutinar og malar for forsøplingstilsyn.....	11
2.4. <i>Status interkommunalt samarbeid i Sogn.....</i>	12
Sogn brann og redning IKS (SBR IKS).....	12
Sogn interkommunale avfallsselskap (SIMAS IKS).....	13
Samarbeid mellom kommunane og IKS om forsøpling i dag?.....	14
3. ERFARINGAR MED FELLE TILSYN I ANDRE REGIONAR.....	14
3.1. <i>BIR.....</i>	14
3.2. <i>RIR.....</i>	15
3.3. <i>KAV HALLINGDAL.....</i>	16
4. FORSLAG TIL ORGANISERING AV NYTT FELLESTILSYN.....	17
4.1. <i>Organisasjonsmodell.....</i>	17
5. FINANSIERING OG RESSURSBEHOV.....	19
5.1. <i>Behov for bemanning.....</i>	19
5.2. <i>Finansieringsmodell.....</i>	20
6. Vurdering av gevinstar ved felles tilsyn.....	21
6.1. <i>Miljømessige gevinstar.....</i>	21
6.2. <i>Økonomiske og administrative gevinstar.....</i>	22
7. KONKLUSJON OG TILRÅDING.....	23
REFERANSAR.....	23

1. INNLEIING OG BAKGRUNN

1.1. FØREMÅL MED FORPROSJEKTET

Dei sju kommunane i Indre Sogn, Lærdal, Årdal, Aurland, Luster, Sogndal, Vik og Høyanger gjekk i 1994 saman om å etablere det interkommunale avfallsselskapet SIMAS IKS. SIMAS IKS har delegert ansvar for dei lovpålagte oppgåvene til kommunane knytt til innsamling og handtering av hushaldningsavfall og hushaldingsliknande kommunalt næringsavfall.

Kommunane er også lokal ureiningsmyndigheit for forsøpling og ulovleg avfallshandtering og har både tilsyns- og forvaltingsansvaret gitt i ureiningslova §48 til å førebyggje og avdekke brot på ureiningslova §§ 7, 28, 35 og 37. Å gje rettleiing/støtte til kommunane eller å arbeide med forsøpling og ulovleg avfallshandtering ligg i dag utanfor primærføremålet til SIMAS IKS og det delegerte ansvaret som IKSet har fått av eigarkommunane. Men, selskapsavtalen til IKSet¹ §4.4 legg opp til at selskapet skal: *vera ein samfunnsaktør og pådrivar for å utvikle framtidsetta og miljømessige løysingar for handtering av avfall. Selskapet skal også vera ein pådrivar og aktør i overgangen til sirkulær økonomi i eigarkommunane.* I gjeldande strategiplan *Ressursar på rett veg (2022-2025)*, er eit av dei strategiske tiltaka: *i lag med eigarkommunane arbeide for å redusere forsøpling.*

Styret og administrasjonen i selskapet ynskjer å sjå på korleis SIMAS IKS kan bidra til:

- 1) å få meir avfall frå private innbyggjarar og næringslivet inn til lovleg avfallshandtering i dei etablerte renovasjonsløysingane vi har i regionen for å gjenvinne meir av materialar og energi frå avfallet
- 2) styrke tilsynet med og redusere forsøpling og ulovleg avfallshandtering i kommunane.

På representantskapsmøtet i SIMAS IKS 25.10.24 vart det vedteke å sende ein søknad om skjønsmidlar til Statsforvaltaren i Vestland for å kartleggje og greie ut moglegheit for eit interkommunalt samarbeid om forsøplingstilsyn. Søknaden om forprosjekt vart koordinert med leiar for Sogn KO før innsending. Forprosjektet skal omfatte vurdering av økonomiske og miljømessige gevinstar ved eit interkommunalt samarbeid innan tilsyn av forsøpling og ulovleg avfallshandtering og korleis dette tilsynet kan organiserast og finansierast. Søknaden vart formelt sendt inn av Lærdal kommune på vegne av eigarkommunane til SIMAS IKS hausten 2024 og vart innvilga med 300 000 kr i støtte frå Statsforvaltaren i Vestland.

1.2. LOVGRUNNLAGET FOR TILSYN MED AVFALLSHANDTERING, UREINING OG FORSØPLING

Det er eit generelt og allment forbod for alle innbyggjarar, grunneigarar, private og offentlege aktørar om ikkje å ureine eller forsøple miljø og natur. Forbodet mot å unngå ureining er gitt i ureiningslova §7²:

¹ [Selskapsavtalen til SIMAS IKS](#)

² https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6/KAPITTEL_2#§7

«Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11».

«Når det er fare for forurensning i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensning sørge for tiltak for å hindre at den inntre. Har forurensningen inntrådt skal han sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller begrense virkningen av den. Den ansvarlige plikter også å treffe tiltak for å avbøte skader og ulemper som følge av forurensningen eller av tiltakene for å motvirke den. Plikten etter dette ledd gjelder tiltak som står i et rimelig forhold til de skader og ulemper som skal unngås».

«Bestemmelsen i annet ledd gjelder også forurensning som er tillatt etter § 11 dersom det er åpenbart at vedtaket kan omgjøres etter § 18 første ledd nummer 1 eller 2. Tilsvarende gjelder dersom det av samme grunner er åpenbart at det etter § 9 tredje ledd kan gjøres unntak fra forskrift som tillater forurensning».

«Forurensningsmyndigheten kan pålegge den ansvarlige å treffe tiltak etter annet ledd første til tredje punktum innen en nærmere angitt frist».

Vanleg ureining frå fiske, jordbruk og skogbruk, boligar, hytter, kontor, næringsverksemd og midlertidig anleggsverksemd er tillate etter ureiningslova §8, jf. §7, dersom ikkje nasjonale eller lokale forskrifter heimla i ureiningslova §9 seier noko anna.

Det generelle forbodet mot forsøpling er gitt i ureiningslova §28³:

«Ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmende eller være til skade eller ulempe for miljøet».

«Første ledd er ikke til hinder for at avfall blir tatt hånd om på opplagsplass eller i behandlingsanlegg med tillatelse etter §29 eller for at avfall blir levert dit».

«Den som har overtrådt forbudet i første ledd, skal sørge for nødvendig opprydding».

Kommunane har den lokale ureiningsmynda og skal i følgje ureiningslova §48⁴ føre tilsyn med at innbyggjarar, grunneigarar og næringsdrivande følgjer desse reglane og ikkje ureinar eller forsøplar miljøet:

«Forurensningsmyndigheten skal føre tilsyn med den alminnelige forurensningssituasjon og med forurensninger fra de enkelte kilder. Forurensningsmyndigheten skal også føre tilsyn med håndteringen av avfall».

³ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6/KAPITTEL_5#§28

⁴ <https://lovdata.no/lov/1981-03-13-6/§48>

«Forurensningsmyndigheten skal gjennom råd, veiledning og opplysning arbeide for å motvirke forurensninger og avfallsproblemer og se til at reglene i loven og vedtak i medhold av loven blir fulgt».

Kommunane kan lage egne forskrifter om gebyr for sakshandsaming og tilsyn etter ureiningsregelverket. Dette er det berre Høyanger kommune som har innført av sognekommunane tilbake i 2024⁵. Luster har ikkje gebyrforskrift for tilsyn med ureining og forsøpling, men har ei forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll av private avløpsanlegg frå 2023⁶. Begge desse kan brukast som inspirasjon for å utvikle egne gebyrforskrifter for eit felles forsøplingstilsyn i Sogn.

Dersom ureining eller forsøpling har skjedd i ein kommune, kan kommunen krevje opprydding i avfall eller at ein aktør/grunneigar må betale for opprydding i forsøpling. Lovheimlar for slik myndigheitsutøving er gitt i ureiningslova §37⁷ (pålegg om å rydde opp i avfall o.l eller betale for opprydding):

«Kommunen kan gi pålegg om at den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med §28, skal fjerne det, rydde opp innen en viss frist, eller at han skal dekke rimelige utgifter som noen har hatt til fjerning eller opprydding. Slikt pålegg kan også gis overfor den som har overtrådt §35 første eller tredje ledd dersom dette har ført til at avfallet er blitt spredd».

«Forurensningsmyndigheten kan også gi pålegg om opprydding og fjerning til den som var eier av motorkjøretøy, skip, fly eller annen liknende større gjenstand, da det ble etterlatt i strid med §28 eller som er eier når pålegget gis».

«Har noen bedt kommunen gi pålegg om opprydding eller betaling av utgifter etter første eller annet ledd, er avgjørelsen enkeltvedtak også om pålegg ikke blir gitt».

Dersom kommunen sine pålegg om å rydde opp i ureining eller forsøpling ikkje vert fylgt opp av den ansvarlege, kan kommunen sende varsel om tvangsmulkt med frist for opprydding og dersom ikkje fristen vert overhalden sende vedtak om tvangsmulkt med ny frist for gjennomføring av tiltak, med heimel i ureiningslova §73⁸.

Kommunen har også myndigheit og plikter rundt forsøpling som er heimla i anna regelverk enn ureiningslova. Kommunen kan bruke **plan- og bygningslova** (PBL) for å fylgje opp ulovleg avfallshandtering ved bygging, riving og rehabilitering av bygg. Plan- og bygningslova kap. 32⁹ har ei rekke ulike heimlar for handheving og sanksjonsmoglegheit som kan brukast ved regelbrot.

Etter **hamne- og farvatnslova** §17 kan kommunen gje pålegg om fjerning av fartøy eller andre gjenstandar i kommunen sitt sjøområde som er til fare eller ulempe for bruk av farvatnet eller hamner.

⁵ <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2024-02-15-322>

⁶ <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2023-12-14-2325>

⁷ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6/KAPITTEL_5#§37

⁸ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6/KAPITTEL_9#§73

⁹ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_5-1#KAPITTEL_5-1

Kommunen kan også ha lokale **renovasjonsforskrifter**, som kan ileggje abonnentar tilleggsgebyr for å dekkje meirkostnader ved brot på abonnenten sine pliktar ved feil sortering eller overfylte behaldarar som fører til forsøpling. I Sogn har SIMAS IKS utarbeidd ei felles renovasjonsforskrift¹⁰ som er vedteken av og gjeld for dei sju eigarkommunane. I renovasjons- og slamforskrift for SIMAS IKS §22 og §23 har kommunane overført si sanksjonsmynde i forsøplingsaker som stammar frå den kommunale renovasjonen til SIMAS IKS, så langt ureiningslova tillèt dette.

Det er eit generelt forbod i Noreg om opa brenning av avfall og/eller brenning av avfall i småomnar. Men, her har kommunane eit høve til å lage lokale forskrifter som opnar opp og tillèt at enkelte avfallstypar likevel kan brennast på opne bål eller i småomnar (t.d. reint trevirke i vedomn, kvist frå landbruk, aviser). Kommunen skal føre tilsyn og har sanksjonsmynde ved rådmann/kommunedirektør eller den han vidaredelegerer denne mynda til, for å handheve dei lokale forskriftene. Det er laga slike lokale brannforskrifter for kommunane Luster, Sogndal og Vik, medan kommunane Årdal, Lærdal, Aurland og Høyanger ikkje har slik forskrift.

Kommunane har også høve til å vedta lokale politivedtekter med heimel i politilova som også har paragrafar om å hindre forsøpling og tilgrising av offentleg stadar og rydding/fjerning av avfall ved kiosksal og arrangement i kommunane. Slike politivedtekter er vedtekne av Aurland (2023), Høyanger (1996), Lærdal (1966), Sogndal (2024), Vik (2019) og Årdal (2000). Den einaste kommunen i Sogn som ikkje har eigne politivedtekter er Luster kommune (Kjelde: Lovdata.no).

1.3. FORDELING OG UTØVING AV MYNDIGHEIT I UREININGS- OG FORSØPLINGSSAKER

I Noreg er myndigheitsansvaret for ureining og forsøplingsaker eller «ureiningsmyndigheit» delt inn i eit nasjonalt, regionalt og lokalt myndigheitsnivå, mellom Miljødirektoratet (Mdir), Statsforvaltaren (SF) og kommunane.

Miljødirektoratet er nasjonal ureiningsstyresmakt og har det overordna ansvaret for å gjennomføre miljøpolitikk og miljøregelverket i Noreg. Dei har instruksjons- og rettleiingsmynde ovanfor Statsforvaltaren og kommunane. Dei lagar nasjonale rettleiarar, gjev tolkingar av regelverket og fører direkte tilsyn med dei største industriverksemdene som har utsleppsløyve etter ureiningslova §11 (t.d. Hydro sine smelteverk i Årdal og Høyanger).

Statsforvaltaren er regional ureiningsstyresmakt, som skal rettleie og føre tilsyn med at kommunane utfører pliktene sine på området. Dei er klageinstans for vedtak fatta av kommunen etter ureiningslova. Dei har også direkte tilsynsmyndigheit mot ein del mellomstore verksemdar der aktiviteten og ureining vert regulert direkte av forskrifter eller har utsleppsløyve etter ureiningslova § 11 (t.d. pukkverk, kommunale deponi, SIMAS IKS).

Kommunane er lokal ureiningsstyresmakt, og har det primære ansvaret for og plikt til å føre tilsyn med at lovar og forskrifter om ureining, forsøpling, ulovleg avfallshandtering vert overhaldne. Myndigheita til kommunane i forsøplingsaker er gitt av ureiningslova, i rundskriv T-

¹⁰<https://static1.squarespace.com/static/59a7f6b637c5812192fb6d35/t/66ffe96efa93760117acdcca/1728047471214/forskrift+2024+simas.pdf>

5/98¹¹ og den nye *Forskrift om kommunens myndighet etter forurensningsloven*¹² som trede i kraft 01.01.2025.

Omgrepet «å føre tilsyn» med ureining og avfall er gitt i ureiningslova kap. 7, jf. §48 og er ei myndigheitsutøving og krev ein omfattande forvaltingsprosess. Kommunen som ureiningsmynde *skal* drive tilsyn med alminneleg ureiningssituasjon, forsøpling, private avløpsanlegg mm. Dette inneberer ei risikobasert planlegging av tilsynet (kor stor er miljøskaden, kor stort omfang/hyppigheit mm), gjere skrivebords- eller fysiske kontrollar i felt for å observere og dokumentere ulovleg avfallspraksis og forsøpling, til å gjere juridiske vurderingar om regelverket er brote, og drive sakshandsaming med førebuing av vedtak, rettleiing og førehandsvarsel om pålegg, samt vidare myndigheitsutøving og sanksjonering (tvangsmulkt), i tillegg til etterkontroll, rapportering og arkivering.

Det er ikkje tydelege krav eller forventningar frå overordna myndigheit (Statsforvaltar og Milljødirektoratet) til kva *omfang* eit forsøplingstilsyn kommunane skal ha, med t.d. krav om faste tilsynsintervall. Men, Statsforvaltaren forventar at kommunen har eit system for å fange opp og fylgje opp uønskt og ulovleg ureining og forsøpling. Dette gjeld både risikovurderingar/risikobasert plan for forsøplingstilsyn, men også eit system for å fylgje opp aktivitetsplikta som fylgjer ved meldingar om ulovleg avfallshandtering, forsøpling og avfallsbrenning som kjem inn til kommunen. Alle meldingar om forsøpling/ulovleg avfallshandtering som kjem inn skal kommunen ta stilling til og fylgje opp. Plikta kommunane har til å handle er forankra i ureiningslova §§7, 48, medan plikta til å sakshandsame meldinga er heimla i forvaltingslova §§11,17. Dersom kommunen får inn melding om forsøpling, avfallsdumping frå ein nabo eller annan part, som ikkje vert teken omsyn til korkje med handling/sakshandsaming så bryt kommunen både ureiningslova og forvaltingslova. Dersom kommunen fylgjer opp meldinga med undersøking/tilsyn, vert enten vert saka fylgt opp med varsel om pålegg, krav til opprydding mm. til den som har ureina eller så finn kommunen ikkje trong for vidare oppfølging og lukker saka. Begge desse utfalla er å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltingslova §2 og kan påklagast av partane i saka.

Kommunane sitt høve til å delegere myndigheitsansvar og tilsyn etter ureiningslova er strengare avgrensa enn t.d. bygg- og branntilsyn. Tilsynsparagrafen i ureiningslova §48 gir ikkje direkte høve til å delegere myndigheitsoppgåva «å føre tilsyn» til andre instansar slik som t.d. brann og eksplosjonslova gjer i sin §9, tredje ledd: *To eller flere kommuner kan avtale å ha felles brannvesen eller felles ledelse av brannvesenet. Kommunen kan gjennom avtale overlate brannvesenets oppgaver og ledelse helt eller delvis til en annen kommune, virksomhet e.l. Kommunen må i slike tilfeller etablere ordninger som sikrer at all myndighetsutøvelse etter loven skjer under kommunens formelle ansvar.*

Men, i administrative bestemmelsar i ureiningslova §83 (*delegasjon av myndighet lagt til kommunen eller fylkeskommunen*) finn vi: «*Kommuneloven gjelder for kommunens og fylkeskommunens delegasjonsadgang. Når særlige hensyn taler for det, kan kommunestyret og fylkestinget delegere myndighet til å treffe enkeltvedtak til henholdsvis kommunale/interkommunale og fylkeskommunale/interfylkeskommunale selskaper.*».

¹¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-598-kommunens-myndighet/id108212/>

¹² <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2024-12-20-3400>

I eit skriv utarbeidd av Hold Norge Rent, Handelens miljøfond og KS og kvalitetsikra av advokatbyrået Berngaard¹³ vert det særleg utgreidd korleis renovasjonsselskap og kommunen kan samarbeide om forsøplingssaker. I dette skrivet går det fram at kommunen har høve til å delegere myndigheit til eit renovasjonsselskap etter ureiningslova §83. Dette krev at delegasjonen er grunngeven i «særlege omsyn», noko som dette skrivet meiner er oppfylt dersom selskapet sikrar betre spesialisert kompetanse, meir effektiv ressursbruk eller likare behandling av innbyggjarane i kommunane. I følgje skrivet er det best om delegeringa omfattar både myndigheit til å gje pålegg om opprydding og retten til å ileggje tvangsmulkt. Dersom eit enkeltvedtak etter ureiningslova vert gjort av eit IKS, så er det klageinstansen til IKSet som skal vurdere klaga først, før den vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Kva som er godteke av *særlege hensyn* etter ureiningslova §83 er ein ting, men kva som er hensiktsmessig grunna andre kommunale oppgåver og sakshandsaming og forhold til eventuelle habilitetsspørsmål som kan dukke opp. «Bukken og havresekken» forhold kan oppstå, dersom eit renovasjonsselskap som har økonomisk vinning av at avfall vert rett handtert gjennom sine renovasjonsløysingar også er den som har mynde til å krevje opprydding/innlevering av avfall og ileggje kundar tvangsmulkt for å ikkje bruke lovlege renovasjonsløysingar.

Vegleiaren¹³ til Hold Norge Rent anbefaler fire samarbeidsmodellar mellom kommunar og renovasjonsselskap: informasjonsutveksling, sekretariatsstøtte, full delegering av mynde eller bruk av ein vertskommune som samarbeider med renovasjonsselskapet. Ved direkte delegasjon til eit renovasjonsselskap er det eit strengt krav om å etablere «vassfaste skott» mellom rolla som kontrollør og rolla som kommersiell tenesteytar for å hindre inhabilitet. Kommunen må også uansett behalde den overordna styringa gjennom instruksar, styring av selskapet, tydelege og alternative klagerutinar. Vi vil diskutere fordelar og ulemper med dei ulike samarbeidsmodellane opp mot kvarandre i kap. 5.


1.4. ULIKE FORMER FOR INTERKOMMUNALE SAMARBEID

I følgje kommunelova § 17-1 første ledd kan kommunane velje å utføre felles oppgåver gjennom eit interkommunalt samarbeid (KD, 2018). Interkommunalt samarbeid kan vere eit naudsynt verktøy når kommunane skal handtere stadig meir komplekse lovpålagde oppgåver og sikre tilstrekkeleg fagkompetanse. Valet av samarbeidsform må styrast av kva slags oppgåver som skal løysast, særleg er det viktig å skilje mellom oppgåver der kommunen yter ei teneste ovanfor sine innbyggjarar og der kommunen utøver offentleg myndigheit og gjer enkeltvedtak med heimel i lov.

Det vart gjort endringar i kommunelova tilbake i 2018 med verknad frå 2019, som er styrande for kva organisering det interkommunale samarbeidet kan ha. Dei samarbeidsmodellane som kan nyttast av kommunane er: Interkommunalt politisk råd (IPR) heimla i kommunelova §18-1, kommunalt oppgåvefellesskap (KO) heimla i kommunelova § 19-1, vertskommunesamarbeid (VK) etter kommunelova kap. 20 eller interkommunalt selskap (IKS) heimla i IKS-lova.

Oslo Economics har på vegne av Kommunal- og distriktsdepartementet kartlagt interkommunalt samarbeid i Noreg (Oslo Economics, 2022). Dei har samanlikna dei ulike samarbeida etter grad av sjølvstende, grad av politisk styring mm. (sjå figur 1).

¹³ [Forsøplingssaker - samarbeid mellom kommune og renovasjonsselskap](#)



Figur 1: Viser alternative kommunale organisasjonsformer (Oslo Economics, 2022).

Den interkommunale samarbeidsforma som vert mest brukt ved utøving av myndighetsoppgåver er vertskommunesamarbeid¹⁴. Denne samarbeidsforma er underlagt vanleg linjestyring i vertskommunen og politisk styring både i vertskommunen og i dei samarbeidande kommunane gjennom eigne delegeringsvedtak av myndigheit, samarbeidsavtalar og kommunal klagenemnd for klagesaker knytt til sine eigne innbyggjarar.

Uavhengig av kva samarbeidsform som vert valt, er kommunane alltid *ansvarleg* ovanfor innbyggjarane sine om å overhalde alle lovkrav og løyse oppgåver lagt til kommunen. Kommunen kan ikkje delegere vekk ansvaret sitt.

2. KARTLEGGING AV DAGENS SITUASJON I SOGN

2.1. METODE FOR DATAINNSAMLING

I forprosjektet har SIMAS IKS brukt interne ressursar på å innhente erfaringar og praksis rundt forsøplingssaker og tilsyn frå dei 7 eigarkommunane. Det har vore halde innleiande informasjonsmøte om prosjektet med kommunane 12.juni 2025, der alle kommunane deltok med unnateke av Lærdal kommune som meldte forfall. Det har vore eit eige møte med Sogn Brann og Redning 13.11.25. Det har blitt sendt ut eit enkelt spørreskjema med 10 spørsmål utarbeidd i FORMS (vedlegg 1), om forsøplingssaker og praksis i kommunane, som alle kommunane svarde på. I tillegg til spørreskjema, vart det også halde eigne samtalar/intervju med ein eller fleire deltakarar/sakshandsamarar frå dei ulike kommunane, og det vart skreve referat/notat frå desse møta. Det vart gjennomført eit fagdag om forsøpling for kommunane 29.januar 2026, der delar av rapporten vart lagt fram. Rapportutkastet har også blitt sendt på gjennomlesing til kommunane.

Ei oppsummering av kvalitative og kvantitative data som er innhenta er gitt i tabell 1. Der det har kome fram ulik informasjon om tal saker og ressursbruk, viser vi dette med eit spenn i talgrunnlaget i tabell 1.

¹⁴ [Oslo Economics rapport nr. 2022/98](#)

2.2. OMFANG AV SAKER OM FORSØPLING OG ULOVLEG AVFALLSHANDTERING I KOMMUNANE

Kartlegginga som er gjort for dei sju eigarkommunane viser at omfanget av innmeldte saker (varsel og tips frå innbyggjarar), tilsyn/synfaringar og utsending av pålegg om opprydding og varsel eller vedtak om tvangsmulkt er relativt lite i kvar kommune (sjå tabell 1). Dei kommunane som har mest forsøplingssaker pr. år er kommunane Sogndal og Luster.

Det kjem fram i våre møter med kommunane at dei også oppdagar ein del forsøplingsaker i samband med andre synfaringar i kommunen. Dei fleste meldingar inn til kommunane om forsøpling er om ulovleg brenning av avfall, særleg landbruksplast eller anna brenning på landbrukseigedomar og bilvrak. Her har kommunane høve til å lage eigne lokale brannforskrifter som kan førebyggje uklarheit rundt kva som er lov å brenne i hagar eller på gardsbruk. Årdal og Aurland melder om saker rundt ulovleg brenning, har *ikkje* ei eiga lokal brannforskrift.

Tabell 1: Oppsummering av svar innhenta frå kommunane om forsøplingsaker og tilsyn

Kommune	Ansvar	Personressurs	Saks-system	Skriftlege rutinar?	Meldingar pr. år	Tal tilsyn pr. år	Vedtak/tvangsmulkt (5 år)	Typisk avfall
Årdal	Teknisk/klima og miljørådgjevar	0,25	ACOS	Under utarbeiding, inneheld ROS	0-10	0	0	Hageavfall, ulovlege fyllingar, båt* og forsøpling i landbruket, brenning landbruksplast, mikroplast, bilvrak
Luster	Miljøvern-rådgjevar	1	ACOS	Ja	20	20-30	20 krav om opprydding, 1 tvangsmulkt	Bilvrak, villfyllingar, landbruksplast
Sogndal	Landbruk og miljø	2	Elements Next	Ja	ca 20	ca 20	16 avslutta, 4 pågåande	Ulovleg brenning, bilvrak, hageavfall, byggemateriell, oljesøl
Vik	Plan/teknisk/landbruk	0,4	ACOS	Ja, flytskjema for handtering	3-7	2-6	9 vedtak	Villfyllingar, forsøpling, bilvrak (camp.vogner), landbruksplast, hageavfall, byggavfall, bålrensing
Høyanger	Teknisk/ Plan og areal	0-1	ACOS	Nei	Få	2	0	Bilvrak, forsøpling
Lærdal	Byggesak	0,05	ACOS	Nei	2-3	Få	3	Forsøpling gardsbruk, bilvrak
Aurland	Byggesak	0,5	ACOS	Nei	< 5	1-2	< 5	Ulovleg brenning*, landbruksplast

*Har ikkje lokal brannforskrift (sjå kap.1.2)

I følgje vår kartlegging er det lite personalressursar kvar kommune har til rådvelde på saksfeltet. Til saman har kommunane rundt 4 stillingar til rådvelde for å handtere forsøplingsaker og tilsyn. Dette samsvarar greitt med ei kartlegging Sogn KO nyleg har gjort om ressursbruk ved ulike saksfelt i fem av sognekommunane (Sogn KO, 2025). På saksfeltet miljø, ureining, klima og naturforvaltning angjev dei ressursbruken i sognekommunane totalt til 5,5 stillingar, og då er

Aurland og Høyanger ikkje med i deira tal, samt at stillingsheimlane også jobbar med eit breiare saksfelt.

Ut frå tabell 1 ser det ut til at kommunane har eit reaktiv praksis, sidan tal meldingar og tal tilsyn/vedtak stort sett fylgjer kvarandre åt (sjå tabell 1). Det vil seie at kommunane prioriterer å fylgje opp *aktivitetsplikta* si etter ureiningslova og forvaltingslova når det kjem inn melding/klage om forsøpling,. Det ser ikkje ut til at sognekommunane pr. i dag klarar å drive eit risikobasert eller *proaktivt tilsyn* som kan *førebyggje* forsøpling og ulovleg avfallshandtering. Så det *faktiske* omfanget av forsøpling og ulovleg avfallshandtering i kommunane er truleg større enn kva som går fram av tabell 1.

2.3. NOVERANDE FORVALTNINGSPRAKSIS I FORSØPLINGSSAKER

I frå datamaterialet vårt kjem det fram at kommunane tykkjer forsøplingssaker er særleg utfordrande for kommunane å ta tak i grunna samansette problemstillingar. Det er mange omsyn å ta, mange av sakene gjeld bønder/næringsdrivande som får negativ merksemd, saka kan omfatte sosiale forhold mm. Habilitetsvurderingar eller tilstrekkeleg **avstand til** tilsynsobjekta – dette med at å kjenne godt og bu i same grend som aktørar og grunneigarar som får auka kostnader av kommunal myndigheitsutøving kan føre til at kommunane vel ein bevisst eller ubevisst låg profil på tilsynsaktivitet og myndigheitsutøvinga si. Det er også ei fragmentert organisering der same sakshandsamar som jobbar med forsøpling har ansvar for mange andre saksfelt. Kommunane trekk også fram behov for å profesjonaliserer oppgåvene betre ved å samarbeide om felles malar, verktøy og skriftlege rutinar for tilsynsarbeidet som sikrar at arbeidet vert utført slik regelverket tilseier og i tråd med viktige forvaltningsmessige prinsipp som sikrar rettsvernet for tilsynsobjektet.

Dokumentet «Plan i Sogn – kartlegging av fakta» (Sogn KO, 2025) har som hovudbodskap at dagens organisering av plan- og miljøoppgåver i Sogn har for lite ressursar og fragmentert organisering, fagmiljø er for små og sårbare til å møte framtidige krav. På feltet miljø og naturforvaltning er det til saman 5,5 årsverk i kommunane Vik, Sogndal, Lærdal, Årdal og Luster. Men, oppgåvene er organisert ulikt mellom kommunane og det er varierende kva stillingar kommunane har på fagfelta. Sidan mange av stillingane delvis jobbar med miljø saker, er det i rapporten gitt ein stipulert kostnad på 1 mill kr pr. årsverk, samla 5,5 mill kr (dette inkluderer også klima og naturforvaltning).

Rutinar og malar for forsøplingstilsyn

Luster og Sogndal svarar at dei har eigne skriftleg rutinar for gjennomføring av tilsyn etter ureiningslova. I tilsynsplan for små avløpsanlegg for Luster¹⁵ går det fram både kvifor kommunen skal føre tilsyn og korleis tilsynet skal gjennomførast. Framdriftsplanen og omfanget av tilsynet med mindre avløpsanlegg har ei risikobasert tilnærming, der det er delt inn i soner etter miljøtilstand i vassførekomstar og nærleik til sårbar natur.

Årdal har også laga eit utkast til skriftleg instruks for å fylgje opp ureiningssaker, men denne er satt på vent til saka om felles tilsynssamarbeid vert avgjort. Utkastet til Årdal viser til Miljødirektoratet sin rettleiar til kommunane om å fylgje opp forsøplingssaker¹⁶. Sjølve

¹⁵ Tilsynsplan for små avløpsanlegg i Luster kommune

¹⁶ Mdir kommuneveileder: [Følgje opp forsøpling](#)

kartlegginga/tilsynet kan utløyast av meldingar om forsøpling, eigeninitierte tilsyn og befarung. Det skal skrivast tilsynsrapport og forhold skal dokumenterast med bilete/flyfoto og skildring av tilsynet og forholdet som er avdekket. Instruksjonen gjev ikkje føringar på kven i kommunen som skal ha ansvar for å gjennomføre tilsyn eller sakshandsaming i tilsynssaka.

2.4. STATUS INTERKOMMUNALT SAMARBEID I SOGN

Kommunane i Sogn har allereie ei svært moden samarbeidskultur med utstrekt bruk av både vertskommunesamarbeid og IKS, noko som legg eit godt grunnlag for å kople på eit felles tilsyn for forsøpling. Høyanger meldte seg ut av Sognrådet (tidlegare Sogn Regionråd) med verknad frå 01.01.2023, men er framleis eigar og med i SIMAS IKS.

I presentasjonen «Sogn kommunalt oppgåvefelleskap»¹⁷ frå Sognaregionen (2025), finn vi ei opprømsing av kommunesamarbeida i regionen fordelt på ulike organisasjonsformer.

Vertskommunesamarbeid (VK) er t.d. vald for Miljøretta helsevern, GIS i Sogn, Innkjøp, 110-Vest mm. Og det er under etablering VK samarbeid om NAV, Barnevern, kulturskule mm. Medan **interkommunalt selskap (IKS)** har kommunane gjennom SIMAS IKS, Sogn Brann og Redning IKS, Alarmsentralen IKS. **Aksjeselskap (AS)** samarbeider kommunane om i t.d. Sognlab AS, Visit Sognefjord AS, Sognekraft/Sygnir, Sogneprodukt AS. **Tenestekjøp og avtalesamarbeid** har dei gjennom personvernombod, byggjetilsyn, kompetanseregion Sogn mm.

På ureiningsområdet samarbeider kommunane gjennom to IKS, Sogn Brann og redning og SIMAS. Desse to er dei mest sannsynlege organisasjonane som kan bidra med rådgjeving, kompetanse og/eller utøving av tilsyn på forsøplingsområdet, dersom dei får ytterlegare delegering av mynde frå kommunane til dette. Vi omtalar derfor desse kommunesamarbeida noko meir inngående under.

Sogn brann og redning IKS (SBR IKS)

Sogn brann og redning IKS er felles brann- og redningsteneste for kommunane Sogndal, Luster og Vik. Dei dekkjer eit areal på i underkant av 5000 km² og 20241 innbyggjarar (pr. 4 kv. 2023) og har til saman 100 tilsette på deltid og heiltid¹⁸.

SBR har ansvar for alle oppgåver (inklusive tilsyn) med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova¹⁹ for eigarkommunane Sogndal, Luster og Vik og overtok byggetilsyna for kommunane Vik, Luster, Sogndal, Årdal, Høyanger, Lærdal i juni 2012 (kun Aurland er utanom). Byggetilsynet omfattar også tilsyn med byggavfall. Det er to inspektørar som utfører byggetilsyna og dei har delt kommunane mellom seg. SBR utfører kun tilsyna og skriv tilsynsrapport, sjølvve vedtak og vidare oppfølging er det kommunane sjølvve som gjer. Tilsynssaker vert registrert og sakshandsama i systemet Elements, som også Sogndal kommune nyttar.

SBR opplyser at dei har om lag 10-15 saker om avfallsbrenning pr. år og gjennomfører 70-80 tilsyn på bygg, men har kapasitet til å gjennomføre fleire tilsyn pr. år.

¹⁷ [Sogn kommunalt oppgåvefelleskap](#)

¹⁸ <https://www.sognbrann.no/om-sogn-brann-og-redning-iks.498550.no.html>

¹⁹ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-14-20>

Det er utarbeidd eit skriv med varsel om feiing av skorsteinar og bustadtilsyn²⁰ og tilsynet er gebyrfinansiert etter sjølvkost, som vert fakturert frå kvar einskilt kommune, men har like satsar for ulike typar tilsyn for alle eigarkommunane. Det er laga eiga forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn for dei tre eigarkommunane, Sogndal, Vik og Luster i 2020²¹.

Dei spelar inn i møte i forprosjektet juni 2025 at det er viktig med avklaring av grenseoppgangen opp mot plan- og bygningsloven. Sogn brann og redning går branntilsyn etter PBL, men det er kommunane som følger opp med vedtak.

SBR er positive til eit felles samarbeid om forsøplingstilsyn. Dei har kapasitet til å gjennomføre fleire tilsyn og ser føre seg ei løysing der SBR gjennomfører tilsynet medan SIMAS IKS kan bidra med fagkunnskap om type avfall, ureining og oppryddingsbehov, samt følgje opp med ressursar til vedtak og oppfølging.

Sogn interkommunale avfallsselskap (SIMAS IKS)

Sogn interkommunale avfallsselskap (SIMAS IKS) vart stifta i 1994, og er eigd av kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. IKSet har har delegert ansvar for dei lovpålagte oppgåvene til eigarkommunane knytt til innsamling og handtering av hushaldningsavfall og hushaldningsliknande kommunalt næringsavfall. Selskapet har 46 tilsette og samla i 2024 inn 21 918 tonn avfall frå 33 461 innbyggjarar²² eller 16 999 abonnentar. I tråd med §10.1 i selskapsavtalen, består styret av 7 styremedlemmar, der seks styremedlemmer er eksterne og valde av eigarane og ein er tilsettrepresentant, vald av dei tilsette²³. Representantskapet består av 15 representantar frå dei 7 kommunane, i hovudsak ordførarar og varaordførarar frå eigarkommunane. Kvar kommune har 2-3 representantar alt etter folketalet i kommunen.

IKSet driv etter sjølvkostprinsippet og skal ikkje tene pengar på lovpålagt hushaldningsrenovasjon. Inntektsgrunnlaget er styrt av gebyret abonnentane betalar og inntekt frå kommunal næring (skular, barnehagar, kommunehus mm). Simas IKS eig i tillegg 100 % av eit dotterselskap, SIRKLA AS som samlar inn og handterer næringsavfall i konkurranseutsett marknad.

Selskapet driftar si verksemd etter selskapsavtale og ei felle renovasjon- og slamforskrift²⁴ for SIMAS IKS fastsett av kommunestyra i dei sju eigarkommunane. Gjeldande utgåve vart vedteken i 2023/2024. Ei eiga klagenemnd handsamar klager på vedtak gjort av SIMAS IKS med heimel i forskrifta.

SIMAS har i forskrifta fått heimel frå kommunane til å unngå problem med forsøpling knytt til renovasjonsordninga, rundt søppelbeholdarar mm etter §22, punkt 2.

SIMAS sin administrasjon, styre og representantskap har gått inn i arbeidet med dette forprosjektet med det for auge at SIMAS IKS gjerne kan ha ei eller anna rolle i eit nytt felles tilsyn for forsøpling i Sogn.

²⁰ Varsel om tilsyn - SBR

²¹ <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-12-17-3060>

²² Simas si årsmelding 2024

²³ Selskapsavtale for SIMAS IKS

²⁴ Renovasjons- og slamforskrift for SIMAS IKS

Samarbeid mellom kommunane og IKS om forsøpling i dag?

Sogn brann og redning har ein kontaktperson i kommunane dei har dialog med jamleg, men SIMAS IKS har lite eller ingen direkte kontakt med sakshandsamarar på ureiningsfeltet i kommunane. Selskapet kjøper av og til tenester frå kommunane for å rydde opp i forsøpling knytt til renovasjonsordninga (overfylte avfallsdunkar, ulovleg fråstilling av avfall ved dunkane mm). Uavhengig av nytt felles tilsyn eller ei, så bør kommunane ta initiativ til at det etablerast eit fagnettverk eller eit felles møtepunkt mellom fagpersonar i kommunane, SBR og SIMAS for informasjons- og kompetansedeling, og høve til å kunne fange opp forsøplingsaker som fell mellom kommunane og IKSa sine ansvarsområde i dag.

3. ERFARINGAR MED FELLES TILSYN I ANDRE REGIONAR

3.1. BIR

Bergen interkommunale renovasjonsverk (BIR AS) har utført tilsyn med forsøpling på vegne av kommunane Askøy, Bjørnafjorden, Osterøy, Samnanger, Vaksdal og Kvam i ca. 10 år. Tilsynet ligg under BIR hushaldning, men det er BIR AS som har ansvaret for avtalane med kommunane. Selskapet har fått delegert mynde direkte frå kommunestyra etter ureiningslova § 83 andre ledd. Føremålet med samarbeidet har vore å sikre ei kostnadseffektiv og rask oppfølging av saker, reduserer omfanget av forsøpling gjennom planmessige tilsyn, rådgjeving og kampanjar. BIR opererer med eit profesjonalisert sakshandsaming basert på faste retningslinjer/rutinar for befaring/tilsyn²⁵, dokumentasjon og varsling i tråd med forvaltingslova og ureiningslova. BIR har ein kontaktperson i kvar kommune og har 1 stilling som er finansiert av overskot frå næringsrenovasjon. Stillinga er ikkje finansiert av tilsynsgebyr. Kommunane opplever at forsøplingssituasjonen har betra seg etter at BIR overtok ansvaret for forsøplingstilsyn.

Læringspunkt frå BIR modellen:

1. **Tydlege myndigheitsavklaring/delegering**, delegeringsvedtaket spesifiserer nøyaktig kva for paragrafar i ureiningslova som selskapet kan handheve etter ureiningslova, slik som forbod mot forsøpling (§28), pålegg om opprydding (§37) og ilegging av tvangsmulkt (§73).
2. **Avgrensing mot andre myndigheitsområde til kommunane**: BIR har klare rutinar for å skilje saker som fell utanfor deira delegerte myndigheitsområde. T.d. saker om avløp, byggavfall, fyllingar/massedeponering vert sendt til kontaktpersonar i dei respektive kommunane.
3. **Objektiv sakshandsaming og dokumentasjon**: det vert stilt krav om befaring før handsaming av ei sak, forhold skal dokumenterast med bilete og omtale. Det skal vere 2 personar som gjennomfører tilsynet og partane har rett til å delta med vitne.

²⁵ <https://bir.no/media/11643/retningslinjer-for-behandling-av-forurensningssaker.pdf>

4. **Handtering av ukjent ureinar:** ved ureining på annan manns eigedom der ureinar er ukjent, rettast vedtaket mot grunneigar etter ureiningslova §7.
5. **Bruk av tvangsmulkt:** tvangsmulkt varslast normalt samtidig med vedtak om opprydding for å sikre gjennomføring av tiltak. Det er etablert rutinar for oversending av krav til Statens innkrevingsentral dersom fristar ikkje vert haldne.
6. **Standardisering – malar:** for å sikre lik og effektiv behandling av saker har BIR laga eit komplett sett med malar for heile saksgangen – frå varsel om tilsyn til vedtak, varsel om tvangsmulkt, umiddelbar gjennomføring av opprydding og avslutting av tilsynssak.

Svakheiter med BIR sin modell:

1. **Avlastar ikkje kommunane sin administrasjon fullt ut:** Tilsynssamarbeidet i BIR omfattar berre forsøplingssaker, slik at saker som fell under avløp, byggavfall og massedeponering fell utanom det delegerte mandatet. Kommunane må framleis koplust på i slike saker og «særleg kompliserte» forsøplingsaker som jo er dei mest arbeidskrevjande og kompetansekravjande sakene for kommunane.
2. **Tungvindt klagehandsaming:** I BIR modellen er det lagt opp til at representantskapet eller eit klageorgan skal vere klageinstans for myndigheitsutøvinga og vedtak gjort av BIR og vil krevje meir ressursar til dette klageorganet.
3. **Juridisk utfordrande:** Unntaksregelen i ureiningslova §83 krev «særlege forhold» bak delegering av mynde etter ureiningslova. BIR har hatt juristar til å sjå på dette, men har ikkje fått avklaring om gyldigheit (munnleg kommunikasjon BIR).
4. **Habilitet og tillit:** Sjølv om BIR har laga særskilte retningslinjer for handtering av forsøplingstilsyn, er dei likevel eit renovasjonsselskap. Det kan stillast spørsmål til deira økonomiske intensjonar med å gå tilsyn og fatte vedtak, då dette ofte vil medføre at ureinar må levere avfall til BIR som eit renovasjonsselskap, som då vil tene pengar på dette.

BIR-modellen kan viser at det er mogleg å organisere eit profesjonelt fellestilsyn hjå eit IKS med den nødvendige delegeringa av mynde mellom eigarkommunane og IKSet. Men, byggavfall og massedeponering er ikkje inkludert i saksomfanget IKSet har fått delegert mynde for, slik at BIR-modellen avlastar ikkje kommuneøkonomien fullt ut då dei må ha kontaktperson og drive noko sakshandsaming. Sidan klagehandteringa må gjerast av klageorganet til BIR før Statsforvaltaren får klagesaka oversendt til endeleg avgjerd, vil også ressursbruken knytt til klagehandsaming vere noko høgare i eit slik IKS organisering enn ved vanleg kommunal klageordning.

3.2. RIR

Romsdalshalvøya interkommunale renovasjonsselskap (RIR IKS) har ansvaret for hushaldingsrenovasjon i eigarkommunane Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde og Rauma. Dei har nedfelt i sin selskapsavtale med eigarkommunane²⁶ at dei kan ha høve til å utføre andre forvaltingsoppgåver som t.d. forsøpling og kontroll for medlemskommunane og andre kommunar.

²⁶ <https://www.rir.no/uploads/files/Dokumenter/Selskapsavtale-RIR-IKS-2024.pdf>

RIR har nyleg fått ei nyoppretta stilling som juridisk rådgjevar der 30 % av stillinga skal vere dedikert forsøplingssaker. Rådgjevaren i RIR skal jobbe med varsling, men har ikkje mynde til å gjennomføre sjølve befarings/tilsynet. RIR kan fatte vedtak om opprydding, men kan ikkje vedta tvangsmidlar (som tvangsmulkt eller opprydding på eigar sine vegne). Kommunane har delegert mynde etter §37 om opprydding av avfall, så det er ein noko uklar delegering av mynde på forsøplingsområdet. RIR ynskjer å jobbe meir førebyggjande med informasjonskampanjar og ser utfordringar i konflikhtar mellom kva oppgåve/rolle eit renovasjonsselskap skal ha versus det å vere eit forvaltings- og myndigheitsorgan.

Denne modellen støttar det Hold Norge Rent rapporten kallar for ei *sekretariatsrolle*, der eit IKS kan ha for kommunane innan forsøpling, men der det endelege myndigheitsutøvinga ligg att hjå kommunane.

3.3. KAV HALLINGDAL

Kommunalt avløpstilsyn og vassforvatning Hallingdal (KAV Halling) vart oppretta i 2020²⁷, og er ikkje eit forsøplingstilsyn, men driv tilsynsaktivitet innan vatn og avløp. Vi omtalar dei her, fordi i prosessen med forprosjektet har sognekommunane vist til gode erfaringar med dette fellestilsynet og kommunane ynskjer også å etablere eit fellestilsyn med private avløp (Sogn KO, 2025b).

Kav Hallingdal dekkjer eit areal på 5840 km², 20 000 innbyggjarar i eit område med mykje hytter, landbruk og turisme²⁷. KAV Halling er organisert som eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal og Ål, der Ål er vald som vertskommune, og kontoret til tilsynet er plassert på Torpomoen.

Grunngjevinga KAV Halling gjev opp for å inngå eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova kap 20 og ikkje eit oppgåvefelleskap etter kommunelova kap. 19 eller som eit IKS etter IKS lova²⁸, er at eit vertskommunesamarbeid kan ha delegert mynde til å gjere vedtak etter lovverk, kommunane beheld styringa med prinsipielle saker og gebyrfastsetting og at eit slikt samarbeid kan nyttast for både lovpålagde og ikkje-lovpålagde oppgåver i kommunane.

KAV Halling fører tilsyn og driv sakshandsaming etter ureiningsforskrifta kap 12, 13 og 15 (avløpsanlegg med utslepp mindre enn 2000 pe (personequivalestar) og utslepp av oljehaldig avløpsvatn, i tillegg til plan og bygningslova (byggesak og avløpsanlegg), lov om kommunale vass og avløpsanlegg (private avløpsanlegg). Dei bistår også kommunane i anna planarbeid, deltek i utarbeiding av høyringssvar på saksfeltet. Dei administrerer kommunal slamtømmeordning og har også vassområdekoordinatoren for Hallingdal vassområde tilknytt seg (vassforskriftsarbeid).

KAV Halling har ikkje heimel frå kommunane til å føre tilsyn etter ureiningslova, og handsamar ikkje ureinings- eller avfallssaker, men det er lærdom å hente frå dette samarbeidet mhp. korleis fagmiljøet er sett saman, organiseringsform som eit vertskommunesamarbeid og at avløpsforvaltning og vassforskriftsarbeid vert sett i samanheng.

²⁷ <https://www.vannportalen.no/globalassets/vannportalen/vannregioner/vestland/vassomrade/indre-sogn/dokument/mote-faggruppete-avlop/juni-2022/kav-hallingdal-presentasjon.pdf>

²⁸ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6>

Status pr. 01.05.2022 er at dei har ein leiar som har ei delvis leiarstilling og delvis sakshandsaming, har 4 stillingar for tilsyn og saksbehandling og har vassområdekoordinator i 50 % stilling.

Utfordringar med samarbeidet som vert nemnd: tid til opplæring og samkøying av rutinar, sikre tilsette med oppdatert fagkunnskap, leiar bør ha fagkunnskap, tek tid å endre praksis i kommunar, politikarar ser ulike på korleis ting skal gjennomførast, få likt gebyr i kvar enkelt kommune, tolking av lovverk.

Positive erfaringar med samarbeidet er robust fagmiljø, lettare å rekruttere fagfolk og få dei til å bli, tryggare saksbehandling der det er økonomiske konsekvensar for eigar, få distanse til kommunal drift, sikrar likehandsaming, større fokus på tilsyn og oppfølging, fått rydda opp i spreidd avløpsanlegg, ikkje så sårbart ved ferieavvikling og fråvær.

4. FORSLAG TIL ORGANISERING AV NYTT FELLESTILSYN

4.1. ORGANISASJONSMODELL

Eit sentralt punkt i vurderinga av organisasjonsmodell for eit felles forsøplingstilsyn, er det viktige demokratiske og juridiske skiljet mellom kommunen som tenesteutøvar og som offentleg myndigheit. Etter alminneleg forvaltningsrett kan ikkje myndigheit til å gjere inngripande vedtak utøvast av eit sjølvstendig rettssubjekt/selskap på vegne av kommunen utan særskild lovheimel (sjå kap 1.3).

Tilsyn etter ureiningslova §48 inneber jo utøving av offentleg myndigheit, rett til å krevje tilgang til privat eigedom, gjere vedtak om pålegg og illeggje sanksjonar som tvangsmulkt. Slik maktutøving er eit inngrep i innbyggjarar sitt rettsvern og er etter lova lagt til ureiningsmyndigheita som enten er kommunen, Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet og kan berre etter *særskilte* vurderingar overførast til eit IKS/AS etter ureiningslova §83.

Rettsgrunnlaget er difor annleis for tilsyn etter ureiningslova enn for byggetilsyna etter PBL kap. 25 eller branntilsyn etter brann- og eksplosjonsvernlova/brannforskrifter. Dette fordi det er gitt spesifikke heimlar både i PBL og brannlova om at tilsynet kan delegerast vekk enten til andre kommunar, instansar eller IKS.

Vi har i tabell 2. vald å samanlikne ulike modellar for kommunalt samarbeid som både rettleiar til KS gi rom for, samt andre samarbeidsformer som nemnt i kommunelova.

Tabell 2: samanlikning mellom ulike interkommunale samarbeidsformer for felles forsøplingstilsyn

Modell	Fordelar	Ulemper	Passar for Sogn?
Vertskommune -samarbeid (VKS) etter kommunelova kap.20	<ul style="list-style-type: none"> - Enkel etablering - låge adm.kostnader - Enkelt med juridisk delegert mynde frå kommunane - Ingen habilitetskonflikt (skilt frå renovasjon) - beheld politisk styring 	<ul style="list-style-type: none"> - Vertskommunen får meir personalansvar - Mistar noko lokalkunnskap i saker - Mistar saker pga. andre kommunale synfaringar - Krev felles fagsystem i alle kommunar 	Ja, den mest effektive modellen for å utøve mynde med låg kostnad

	<ul style="list-style-type: none"> - treng ikkje ha eige klageorgan (SF er klageinstans) - full administrativ avlasting mogleg på fleire fagfelt (avløp, forsøpling) 		
Full delegering av mynde til eit IKS (t.d. SIMAS IKS eller SBR)	<ul style="list-style-type: none"> - Samlar spisskompetanse på tvers av kommunegrenser - IKSet fattar enkeltvedtak mm. 	<ul style="list-style-type: none"> - Krev delegert tilsynsmyndigheit etter ureiningslova hjå alle kommunane - Risiko for formalfeil i delegasjon av mynde. - Krev eige avtaleverk og meir adm. med eige styre/rep.skap/ klageorgan 	Tja, men tungvindt prosess for 1-2 felles årsverk???
Sekretariatstøtte av IKS til kommunane/vertskommune	<ul style="list-style-type: none"> - IKSet førebur saker og utkast til vedtak men kommunen/vertskommunen signerer - 	<ul style="list-style-type: none"> - Avlastar kommunen noko, men kommunane må framleis ha fagkompetanse og kapasitet til å vurdere vedtaka formelt 	JA, som støttefunksjon til VKS?
Informasjonsutveksling frå IKS til kommunane/vertskommune	<ul style="list-style-type: none"> - Alle gode krefter som er ute i feltet samarbeider om å ha fokus på forsøpling, melder avvik - Enkelt å etablere el. fungerer OK slik i dag men bør formaliserast i avtalar 	<ul style="list-style-type: none"> - Inga reell avlasting av kommunane si sakshandsaming - Lågt ambisjonsnivå 	Ja, men det er lite samarbeid mellom SBR, SIMAS og kommunane pr. i dag
Oppgåvefelleskap etter kommunelova kap. 19	<ul style="list-style-type: none"> - Enkelt å etablere for kunnskapsdeling og felles malar - Samarbeid utan delegasjon av mynde 	<ul style="list-style-type: none"> - Kan ikkje fatte juridisk bindande enkeltvedtak etter ureiningslova på vegne av kommunane - Kvar kommune må gjere all sakshandsaming sjølv. 	Nei, løyser ikkje behov for operativt tilsyn som kan handle på vegne av kommunane

Etter ei samla vurdering av lovverk, rettleiing frå ulike aktørar og erfaringar frå andre fellestilsyn i regionar rundt oss, bør eit nytt felles tilsyn i forsøplingsaker organiserast etter ein vertskommunemodell. Denne samarbeidsforma står fram som den mest eigna organisasjonsforma då den sikrar full administrativ avlasting for deltakarkommunane på tvers av fagfeltet ureining/forsøpling. Og som sikrar tryggast juridisk delegering av mynde på ureiningsområdet. Vår vurdering er heilt i tråd med NIVI-notatet frå Sogn KO og KD sin rettleiar.

Ein vertskommune er framleis ein kommune etter forvaltingslova, kommunelova og ureiningslova og dermed er det juridiske delegeringa av mynde uproblematisk mellom deltakarkommunar og vertskommunen. Dette gjer at kommuneadministrasjonen i kvar kommune t.d. innan teknisk, landbruk, plan og forvaltning el. kan frigjere litt kapasitet, då vertskommunen overtek det totale ansvaret for tilsynet og sakshandsaminga av sakene inklusive sanksjonar. Vertskommunen kan ha sakshandsamarar som kan jobbe med tilsyn og oppfølging i heile stillingar noko som vil profesjonalisere tilsynsaktiviteten og sikre likebehandling i liknande saker i ulike kommunar. Ein vertskommunemodell vil også sikre tilstrekkeleg avstand til enkelt individ.

Modellar med vertskommune er velprøvd gjennom kommunelova kap 20. Ved å samle myndigheita i ein vertskommune unngår ein habilitetsutfordringar som kan oppstå om eit kommersielt renovasjonsselskap som SIMAS IKS skal føre tilsyn med sine eigne kundar. SIRKLA

AS (datterselskap til SIMAS IKS) har også overteke slamsugeselskapet Ingmar Fimreite AS. Dersom det nye felles tilsynet i Sogn også skal omfatte avløpstilsyn, vil SIMAS AS også kunne hamne kome i habilitetskonfliktar i slamtømming/avløpssaker.

Ein vertskommunemodell utelet ikkje at vertskommunen kan kjøpe enkelte tenester frå SIMAS IKS eller SBR. Men, grenseoppgangen her må gjerast i samsvar med råda gitt i rettleiaren til Hold Norge Rent og KD sin rettleiar for interkommunalt samarbeid etter kommunelova (KD, 2018), og allmenne reglar for offentlege innkjøp.

Felles tilsyn for forsøpling og private avløpsanlegg?

I kartlegginga har det også kome fram synspunkt frå fleire kommunar om at eit felles forsøplingstilsyn også bør omfatte tilsyn med avløpsanlegg. Parallelt med dette utgreiingsarbeidet, som er vedteke av sognekommunane og eigarar av SIMAS IKS, har Sogn KO nyleg gjort vedtak om å etablere eit felles tilsyn med avløpssaker i vedtak av 09.12.2025, sak 10 samarbeid om miljø, ureining og tilsyn av private avløp.

SIMAS IKS har i dag tømming av private avløpsanlegg hjå eigarkommunane og dette omfattar tilsaman 6 040 avløpsanlegg, som fordeler seg på 326 tankar i Aurland, 1 593 tankar i Sogndal, 1 212 tankar i Vik, 725 tankar i Høyanger, 655 tankar i Lærdal, 1 324 tankar i Luster og 205 tankar i Årdal. Mange av avløpsanlegga i kommunane er av eldre dato, og det vart observert og sendt inn avviksmeldingar til kommunane for 109 anlegg i 2025 (Kjelde: NORVA).

Vårt råd er at Sogn KO bør vurdere å slå saman saksfelte og etablere eit felles tilsyn som omfattar både forsøplingssaker som er utgreidd i denne rapporten med tilsyn med private avløpsanlegg for å få best mogleg ressursbesparing og eit sterkt samla fagmiljø i ein vertskommune.

I det vidare arbeidet, er det også viktig å avklare kva for kommunar som skal inngå i det interkommunale samarbeidet om forsøpling og private avløp. I denne rapporten har vi gått ut frå SIMAS IKS sine eigarkommunar som også omfattar Høyanger og Aurland. I Sogn KO sine utgreiingar om *Plan i Sogn* er desse to siste kommunane ikkje med i kartlegginga om det interkommunalt samarbeidet på plan og miljøområdet.

5. FINANSIERING OG RESSURSBEHOV

5.1. BEHOV FOR BEMANNING

Mandatet til denne utgreiinga var å sjå på felles forsøplingstilsyn hjå eigarkommunane til SIMAS IKS. Det er parallelt med dette arbeidet satt i gang eit arbeid med å utgreie eit fellestilsyn i Sogn på private avløpsanlegg. Eit felles tilsyn for både forsøplingssaker og private avløpsanlegg vil ha best utnytting av personalressursar og vil bli ei solid faggruppe som kjem alle samarbeidskommunane til gode. Då ressursbehovet til tilsynet er avhengig av kva forvaltingsoppgåver politikarane i Sogn vedtek at det ei skal ha ansvar for, skisserer vi her to alternative løysingar politikarane kan gjere sine vurderingar ut frå.

Alternativ 1: Berre forsøplingstilsyn

For å vurdere bemanningsbehovet i eit felles miljøtilsyn for *forsøpling* i dei sju sognekommunane, tek vi utgangspunkt i dagens ressursbruk og det faktiske aktivitetsnivået som vert rapportert i undersøkinga (sjå tabell 1) og i Sogn KO sine utgreiingar.

Vi tek omsyn til geografi og reisetid mellom kommunane og at det er anbefalt å vere 2 personar ute på tilsyna, så finn vi at ca. **2-3 årsverk** kan dekkje behovet for saksbehandling og synfaring av rundt 100 innmeldte saker pr. år i tillegg til å ha litt tid til proaktivt arbeid, informasjonsarbeid og oppsøkande eigeninitiert tilsynsaktivitet.

Alternativ 2: Kombinert tilsyn av forsøpling og private avløpsanlegg

Ved å kople tilsyn av både avløpsaker og forsøplingssaker vil saksgrunnlaget auke monaleg. Vi legg her til grunn at det er over 6 000 private avløpsanlegg i dei sju eigarkommunane til SIMAS IKS, og rundt 100 forsøplingstilsyn pr. år. Det må lagast ein plan for avløpstilsyna som er risikobasert, der t.d. alder på anlegget, nærleik til vatn eller anna sårbar natur mm. kan spele inn på kor ofte anlegget bør kontrollerast. I følge Miljødirektoratet bør ikkje anlegg etter kap 12 i ureiningsforskrifta kontrollerast sjeldnare enn kvart 6 år²⁹. Men, tilsynsaksjonar gjennomført av Statsforvaltaren ovanfor kommunane dei siste åra, viser at tre av fire kommunar ikkje gjennomfører systematisk tilsyn med mindre avløpsanlegg³⁰. Vi går difor ut frå eit meir konservativt anslag om ein tilsynsfrekvens på 10 år pr. anlegg, slik at fellestilsynet må klare å kontrollere ca. 600 anlegg årleg. Om vi går ut frå at ein del kontrollar kan gjennomførast som skrivebordstilsyn (krevje dokumentasjon på alder, vedlikehald, tømning mm) så reknar vi inn at kvart årsverk kan klare å kontrollere rundt 150 anlegg pr. år. Eit felles tilsyn som skal handtere både forsøplingssaker og avløpstilsyn vil då trenge ca. **4-5 årsverk**. Dette er omlag på nivå med ressursbruken kommunane brukar i dag, då det vert oppgjeve at 5,5 årsverk jobbar med desse og tilgrensande saksfelt i kommuneadministrasjonane (Sogn KO, 2025a).

I begge alternativa kan kommunane ta med seg at SBR melder om ledig kapasitet for å gjennomføre fleire tilsyn pr. år og det nye felles tilsynet for avløp og forsøpling bør sjå om ledig kapasitet hjå SBR kan utnyttast ved innkjøp av teneste om praktisk gjennomføring av sjølve tilsynet i felt frå selskapet. Tømning av slam frå avløpsanlegga vert gjort av Norva på oppdrag frå SIMAS IKS, og avviksmeldingar ved tømning vert viktig å inkludere inn i fellestilsynet og risikovurderingar som må gjerast ved planlegging av tilsynet. Her er det viktig å presisere at fellestilsynet er den som sit med ansvar for sjølve myndigheitsutøvinga og at SIMAS IKS og SBR IKS berre kan bistå med befarings og tekniske/faglege vurderingar på vegne av fellestilsynet.

5.2. FINANSIERINGSMODELL

Ureiningslova §52a gjev Statsforvaltaren og Miljødirektoratet høve til å krevje gebyr for si saksbehandling og tilsyn med verksemdar med utsleppsløyve. Kommunen har dessverre ikkje slik heimel til å krevje gebyr for å dekkje kostnadene ved kontroll og tilsyn i forsøplingssaker. Slik at tilsyn med forsøpling må finansierast over kommunen sine frie skattemidlar eller rammetilskotet og ikkje gjennom gebyr.

²⁹ [Veileder: Tilsyn med utslipp mindre enn 50 pe \(kap 12\)](#)

³⁰ [Miljødirektoratet: Kommunene fører ikke tilsyn med mindre avløpsanlegg](#)

Men, då avløpsforvaltninga i kommunane skal skje til sjølvkost, vil dette også omfatte tilsyn og kontroll etter ureiningslova § 52a av private avløpsanlegg. Slik at alternativ 2 (felles tilsyn med forsøpling og avløp) i kap 5.1 har høve til å finansiere dei årsverka som driv med tilsyn av private avløpsanlegg over avløpsgebyret, samt ein rettvís del av dei faste kostnadene fellestilsynet vil ha med bil, kontor, utstyr, IT mm.. Slik at eit felles miljøtilsyn for Sogn kan finansierast gjennom ein kombinasjon av gebyrinntekter frå avløpstilsynet og fordeling av restkostnader mellom deltakarkommunane. Denne kostnadsdelinga er vanleg å fordele etter mengde private avløpsanlegg/tilsynsobjekt og innbyggjartal.

Her må kommunane sjå til at dersom avløpsgebyret innbyggjarane betalar også skal dekke kostnader med tilsyn av mindre avløpsanlegg, at dette gebyret vert overført til det felles tilsynet i vertskommunen. Då berre Høyanger har forskrift for å krevje gebyr i ureiningstilsyn pr. i dag må kommunane i Sogn fastsetje nye gebyrforskrifter ved etablering av fellestilsynet.

Ressursbruken pr i dag, stipulerast av Sogn KO til å vere 5,5 mill kroner for 5,5 årsverk. Vi er ikkje kjent med korleis dette beløpet fordeler seg mellom gebyrinntekter etter sjølvkost på avløp og kva som er kostnader kommunane dekkjer over rammetilskottet/skatteinntekter. Det må vidare utgreiingsarbeid i Sogn KO avklare.

Mogleg medfinansiering frå SIMAS IKS?

Kommunane i Sogn kan velje å gå for full delegering av tilsynsmynde i forsøplingsaker og leggje fellestilsynet til SIMAS IKS etter modell frå BIR. Renovasjonsselskapet kan også tillegkast ei rådgjevande rolle mot vertskommunen for fellestilsynet etter modell frå RIR. I begge tilfella er det mogleg at nokon av kostnadene SIMAS IKS har i denne samanheng kan dekkast av eit eventuelt overskot på næringsrenovasjon i selskapet. I BIR finansierer eigarkommunane sitt fellestilsyn delvis med overskot på handtering av næringsavfall i selskapet. Dersom politikarane i sognekommunane går for ei slik løysing, vil i så fall ei slik disponering av overskot på næringsinntekter til SIMAS IKS forankrast med vedtak i styret og representantskapet til selskapet, og vil også avhenge av kven av eigarkommunane som inngår i det nye fellestilsynet.

6. Vurdering av gevinstar ved felles tilsyn

6.1. MILJØMESSIGE GEVINSTAR

Eit felles miljøtilsyn i Sogn innan avløp og forsøpling vil gje betydelege miljømessige gevinstar ved å få til ein meir profesjonell og risikobasert kontroll med ureining som i dag vert lite prioritert i kommunane. Ved å koordinere tilsyn med avløp og forsøpling, kan ein systematisk redusere utslepp av nærings salt og miljøgifter til Sognefjorden og lokale vassdrag, samtidig vil ein førebyggje ulovleg brenning av plast og anna avfall.

Vi vil få ei heilskapleg forvaltning av miljøkrav ved at regelverket vert likt tolka og handheva i heile sogneregionen. Det vil bli føreseieleg og ei rettferdig praksis for sanksjonar ovanfor miljøsyndarar på tvers av kommunegrensene.

Spesialisert fagkompetanse i eit fellestilsyn vil gjere det mogleg å fylgje opp komplekse saker som ulovleg massedeponi som krev djupare juridisk og teknisk innsikt. Dersom

vertskommunemodellen vert vald slepp enkeltkommunar å behalde eigne ressursar som må kontrollere at sjølve vedtaket er gyldig og i tråd med miljøregelverket.

Myndigheitsutøving etter ureiningslova krev høg fagleg kompetanse og det er ofte behov for tverrfaglege vurderingar av forholdet mellom ulike kommunale etatar. Kommunane er svært sentrale i forhold til å kunne sjå forsøplingssaker i samanheng med anna regelverk og sektoransvar som dei har som lokal plan og byggemyndigheit, landbruksforvaltning, vassforvaltning og avløp. Til dømes kan ei forsøplingssak eller ulovleg brenning av landbruksplast (næringsavfall) medføre ureining til luft, grunn og vassdrag som kan krevje oppfølging frå kommunen pga. deira myndigheit og ansvar heimla i mange ulike regelverk:

1. Ureiningslova §7, §28, §32, §37, §48, §51a, §73 – forsøpling/ulovleg avfallshandtering
2. Ureiningsforskrifta kap. 2³¹ jf. ureiningslova §51a - registrering av ureina grunn i Grunnforurensning og Matrikkelen
3. Forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket §11 – avkorting av driftstilskot ved regelverksbrot: *«Dersom foretaket uaktsomt eller forsettlig driver eller har drevet sin virksomhet i strid med annet regelverk for jordbruksvirksomhet, kan hele eller deler av det samlede tilskuddet som tilfaller foretaket avkortes».*
4. Følgje opp generelt tiltak og brannførebygging etter brann- og eksplosjonsvernlova §10 og forskrift om brannførebygging §3 (forbod mot open eld i nærleik av skog og i utmark 15.april- 15.sep), og handheve lokal forskrift om opa brenning og brenning i småomnar
5. Følgje opp utslepp av røyk og ureining til luft: ureiningslova §7, ureiningsforskrifta kap. 7 lokal luftkvalitet, Folkehelselova, og forskrift om miljøretta helsevern.

I dei fleste kommunar vil dei ulike regelverka i punkta 1-5 ovafor bli handheva av ulike fagetatar (teknisk, plan, landbruk, helse) eller av ulike sakshandsamarar i same etat med sine ansvarsområde. Det kan verte vanskeleg å få belyst sakene godt nok, fordi dei stiller særleg krav til god juridisk kompetanse innan miljøregelverket og samarbeid på tvers av fagkompetanse og fagetatar. Eit fellestilsyn i ein vertskommune vil ha naturleg tilgang på alle dei andre fagavdelingane i vertskommunen og slik fange opp om saker må handterast på tvers av lovverk.

6.2. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE GEVINSTAR

Ved å etablere eit felles tilsyn med ansvar for både forsøplingssaker og avløpssaker så treng tilsynet ca. 4-5 sentrale stillingar i ein vertskommunemodell. Alle årsverk som arbeider med avløpssaker vil kunne finansierast av sjølvkost/gebyrfinansiering. Dei samarbeidande kommunane frigjer kapasitet hjå sine saksbehandlarar som har mange ulike arbeidsoppgåver i dei sju kommunane. Det vil også redusere behovet for øyremerkte ressursar og timebruk til forvaltingsoppgåver om forsøpling og avløpstilsyn i samarbeidskommunane, spare lønskostnader, reisekostnader med tilsynet og HR/administrative ressursar i dei kommunane som ikkje er vertskommune for tilsynet.

Eit felles tilsyn vil også ha stordriftsfordelar og eit robust fagmiljø som er dedikert til fagområda forsøpling og avløp og vert profesjonelle i tilsynsrolla. Kjøper fellestilsynet/vertskommunen tenester hjå SBR eller SIMAS IKS kan dei dele kostnader til bilar, verneutstyr, fagsystem, kontorlokale mm.

³¹ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/kap2>

7. KONKLUSJON OG TILRÅDING

Basert på kartlegginga av dagen situasjon, det komplekse regelverket og erfaringar innhenta frå tilsvarande samarbeid i andre regionar, vert det tilrådd å gå vidare med å etablere eit felles miljøtilsyn i Sogn, med ansvar for å gjennomføre tilsyn og saksbehandling for forsøplingssaker og ulovleg avfallshandtering etter ureiningslova. Vi anbefalar også at dette fellestilsynet får ansvar og mynde av kommunane til å gjennomføre tilsyn i avløpssaker.

Prosjektet tilrår at tilsynssamarbeidet vert organisert som eit vertskommunesamarbeid med administrativt vertskap etter kommunelova kap. 20. Dette er ikkje til hinder for at vertskommunen kan søkje samarbeid med, eller kjøpe tenester hjå SIMAS IKS eller SBR for å best mogleg utnytte t.d. fagkunnskap om avfall og handtering av avfall hjå SIMAS IKS og ledig tilsynskapasitet hjå SBR. Men, slike innkjøp må fylgje vanlege innskjøpsreglar for kommunane, då dette fell utanfor eineretten desse to selskapa har pr. i dag.

REFERANSAR

Andersen, N.U, Fagerheim, A., Hesselberg, M., Mo, M. (2024): Veileder for oppfølging av forsøplingssaker, Hold Norge Rent, Avfall Norge, Handelens Miljøfond.

<https://holdnorerent.no/content/uploads/2024/12/2024-Veileder-forsoplingssaker-samarbeid-mellom-kommune-og-renovasjosselskap.pdf>

Kommunal- og distriktsdepartementet, 2018: Veileder om interkommunalt samarbeid etter reglene i kommuneloven

<https://www.regjeringen.no/contentassets/866a6055967f4f82958407f9399a1c50/no/pdfs/veileder-interkommunalt-samarbeid.pdf>

Oslo Economics, 2022: Hvordan kommuner jobber for å få til velfungerende interkommunale samarbeid, Rapport nr. 20222/98,

<https://www.regjeringen.no/contentassets/6ac0822eeba34249b26bc0f414b61bb6/endelig-rapport.-hvordan-kommuner-jobber-for-a-fa-til-velfungeren-l167323.pdf>

Sogn KO, 2025a: «Plan i Sogn» - kartlegging av fakta, Lærdal kommune, Luster kommune, Årdal kommune, Vik kommune, Sogndal kommune. Publisert 07.11.2025.

Sogn KO, 2025b: Protokoll styremøte 11-24 i Sogn KO, 09.12.2025.

Spørjeskjema, munnleg kommunikasjon og referat frå møter med kommunane

Samarbeidsavtale om ureining, miljø og tilsyn av private avløp

1. Bakgrunn

Denne avtalen regulerer og forpliktar deltakarkommunane sitt samarbeid om ureining, miljø og tilsyn av private avløp.

Avtalen gjeld frå 1.1.2027.

Dersom avtalen vert endra på nokre av dei punkta som kommunelova stiller krav om for vertskommunesamarbeid, jf § 20-4, må kommunestyra i deltakarkommunane vedta endringane.

2. Avtalepartar

Samarbeidet omfattar følgjande kommunar:

- Luster kommune
- Lærdal kommune
- Sogndal kommune
- Vik kommune
- Årdal kommune

3. Føremål og ansvar

Kommunane etablerer vertskommunesamarbeid for fagområda miljø, ureining og tilsyn av private avløp.

Samarbeidet skal bidra til å bygge gode og stabile fagmiljø, gje ei fagleg god forvaltning og utføre forvaltingsoppgåver. Samarbeidet har ansvar for å utarbeide nødvendige retningslinjer, planar og strategidokument, og vil utgreie felles malar, rutinar og satsar for samarbeidskommunane.

xx kommune yter oppgåver etter denne avtalen i samsvar med kommunane sitt ansvar etter:

- Forureiningslova §§ 2, 7, 11, 28, 35, 37, 48-52, 73-74, 76-77
- Forureiningsforskrifta kap 2, kap 12, kap 13, kap 15 og kap 15A

Vertskommunen har ansvar for:

- Tilrettelegging av prinsipielle saker som ikkje kan vedtakast etter delegert mynde.
- Arbeide mot sterkare integrasjon av tenesteproduksjon i Sogn.

4. Organisering

Samarbeidet er organisert som eit vertskommunesamarbeid etter §§ 20-1 og 20-2 i kommunelova.

xx kommune er vertskommune.

Kommunestyret i samarbeidskommunane delegerer gjennom denne avtalen oppgåver og mynde til vertskommunen etter gjeldande lovverk i avtalens punkt 3 til xx kommune.

Tilsette i samarbeidskommunane blir overførde til xx kommune etter reglane om verksemdoverdraging etter arbeidsmiljølova.

5. Kostnader og økonomi

Vertskommunen har budsjettansvar og utarbeider eit samla budsjett.

Samarbeidet omfattar alle oppgåver innan dei nemnde fagområda.

Kostnadane vert fordelt mellom kommunane etter følgjande fordelingsnøkkel:

- 25% blir delt likt mellom deltakarkommunane.
- 75% blir fordelt etter
 - talet på registrerte private avløp pr 1. juli for kostnader knytt til sakshandsaming og tilsyn av private avløp
 - tal innbyggjarar for kostnader knytt til andre miljø- og forureiningsoppgåver

Kostnader knytt til tilsyn av private avløp skal gebyrfinansierast (sjølvkost). Dei andre kostnadane blir finansiert av deltakarkommunane.

Det skal etablerast rutinar for oppgjær, innbetaling, budsjett, rekneskap og rapportering.

xx kommune fakturerer med to a-kontorekningar og ei avrekning pr år. Vertskommunen sender ut faktura høvesvis 1.4. med forfall 1.5. og 1.8. med forfall 1.9.

Vertskommunen sender endeleg avrekning etter at rekneskapen er avslutta.

Rekneskapen skal førast slik at alle inntekter og utgifter inngår i grunnlaget for fordelinga mellom kommunane.

Kostnadane vert regulert etter løns- og prisjustering i statsbudsjettet.

6. Klageinstans

Når vertskommunen gjer vedtak som kan klagast på etter forvaltningslova § 28, første ledd, er det den kommunen som har delegert mynde til tilsynet i medhald av kommunelova § 20-5 som er klageinstansen. Administrasjonen i vertskommunen er underinstans.

7. Evaluering

Avtalen skal evaluerast ved behov etter initiativ frå ein av avtalepartane. Evalueringa skal minimum omfatte korleis avtalen fungerer opp mot behovet.

8. Rapportering

Rapportering til kommunane skal skje i samsvar med årshjul og omfattar økonomiplan og budsjett, halvårsrapport med status for drift og årsrapport.

Kommunane skal få nødvendige rapportar frå vertskommunen for å kunne føre eige rekneskap og rapportera i Kostra.

Vertskommunen skal informere deltakarkommunane om:

- Tilsyn og revisjonar
- Tilsynsrapportar og forvaltningsrevisjonar

Vertskommunen har ansvar for å rapportera til Statsforvaltaren i Vestland og Statistisk Sentralbyrå. I denne rapporteringa skal det skiljast mellom kommunane.

9. Andre forhold

Kontor:

Tenestene skal ha hovudkontor i vertskommune, men tenestene skal også vera til stades der det er behov for dei. For å sikre rekruttering og å halde på ressursar, bør samarbeidet vere fleksibel med kontorstad for dei tilsette.

For tilsette som har fast kontor plass i anna kommune enn vertskommunen skal dette motreknast ved fordeling av utgifter.

Samarbeidskommunane stiller naudsynt kontor plass og møterom til disposisjon ved behov.

Arkiv:

Saker som gjeld éin kommune skal arkiverast i den aktuelle kommunen. Andre saker som gjeld alle kommunane i samarbeidet, skal arkiverast i vertskommunen sitt sak-/arkivsystem.

Utviding av samarbeid:

Dei deltakande kommunane er positive til at samarbeidet kan utvidast til å omfatta andre kommunar på same vilkår som er nedfelt i denne avtalen, eller kjøpe tenester frå vertskommunen.

10. Oppseiing

Ein kommune kan tre ut av samarbeidet med 1 år varslings tid. Det må varslast skriftleg til dei andre kommunane innan 31.12. for oppseiing frå 31.12. neste årsskifte.

Samarbeidet kan oppløysast ved semje mellom partane, eller etter vedtak i kommunestyra.

11. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist om tolking og/eller praktiseringa av denne avtalen, skal tvisten først søkast løyst i minneleg form. Dersom dette ikkje fører fram til semje, skal tvisten løysast ved voldgift i samsvar med Lov om voldgift av 14.05.2004 nr 25.

Avtalen er underskriven digitalt.

Vedlegg: Oversikt over budsjettoppstilling med kostnader

xx.xx.2026

Luster kommune

Lærdal kommune

Sogndal kommune

Vik kommune

Årdal kommune

Vedlegg

Miljø og ureining - budsjettkalkyle (førebels)

Lønsutgifter	3 250 000
Pensjonspremie KLP	400 000
Arbeidsgjevaravgift	520 000
Administrasjon 5% av lønsutgifter	209 000
Husleige (2400 pr kvm x 23 x 5 tilsette)	276 000
Telefon og datakommunikasjon	20 000
Fagtidskrift	5 000
Annonsering	10 000
Arbeidskle	10 000
Servering møter, kurs, tilsette	60 000
Reiseutgifter	60 000
Utgifter kommunale bilar/leasing	50 000
Årsavgift/forsikring/EU-kontroll	30 000
Drivstoff og reparasjon	30 000
IT programvare og driftstenester	50 000
IT-utstyr	40 000
Gebyrinntekter	-2 811 200
Refusjon frå kommunane	-2 208 800

Kostnadsfordeling etter tal private avløp (fråtrekt stipulert gebyrinntekter) og etter folketal (forsøplingssaker)
(for 5 stillingar)

25% fast og 75% etter tal private avløp pr 1.7.

Private avløp

Kommune	Tal private avløp	Fast del	Variabel del	Sum	Sum fråtrekt stipulerte gebyrinntekter
Luster	1324	200 800	797 897	998 697	299 609
Lærdal	664	200 800	400 154	600 954	180 286
Sogndal	1593	200 800	960 007	1 160 807	348 242
Vik	1212	200 800	730 401	931 201	279 360
Årdal	205	200 800	123 541	324 341	97 302
Totalt	4998	1 004 000	3 012 000	4 016 000	1 204 800

25% fast og 75% etter folketal

Forsøpling

Folketal	Fast del	Variabel del	Sum	Samla sum for stillingane fråtrekt stipulerte gebyrinntekter
5432	50 200	146 716	196 916	496 525 Luster
2188	50 200	59 097	109 297	289 583 Lærdal
12496	50 200	337 512	387 712	735 954 Sogndal
2550	50 200	68 874	119 074	398 435 Vik
5213	50 200	140 801	191 001	288 303 Årdal
27879	251 000	753 000	1 004 000	2 208 800